



Statsforvaltaren i Vestland

Tilråding med verneforskrift og kart av Dalsfjorden marine verneområde i Vestland



Statsforvaltaren i Vestland

11.09.2023

Innhald

| | | |
|------|---|----|
| 1 | Samandrag av vår tilråding for oppretting av Dalsfjorden marine verneområde | 4 |
| 1.1 | Tilråding..... | 4 |
| 1.2 | Heimelsgrunnlag..... | 4 |
| 1.3 | Vurdering jamfør naturmangfaldlova kapittel II | 5 |
| | Kunnskapsgrunnlaget | 5 |
| | Effekten av vernet | 6 |
| 1.4 | Verneverdiar..... | 7 |
| 1.5 | Trugsmål mot verneverdiane | 9 |
| 1.6 | Andre interesser..... | 10 |
| | Fiskeri og akvakultur..... | 10 |
| | Friluftsliv, reiseliv og lokal bruk..... | 10 |
| | Kulturminne..... | 11 |
| | Skipstrafikk, farleier og navigasjonsinstrument | 11 |
| | Tekniske installasjonar og inngrep | 12 |
| | Større prosjekt på land som vil kunne påverke fjorden | 12 |
| 2 | Sakshandsaming | 12 |
| 2.1 | Bakgrunnen for marint vern i Noreg | 12 |
| 2.2 | Sakshandsaming | 13 |
| 3 | Endringar etter høyring i framlegget til verneområde | 15 |
| 3.1 | Avgrensing og arealomfang..... | 15 |
| 3.2 | Verneforskrifta | 16 |
| 3.3 | Namnsetjing | 19 |
| 4 | Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar..... | 19 |
| 5 | Merknadar til verneforslaget | 20 |
| 5.1 | Høyringspartar og uttalar | 20 |
| 5.2 | Generelle merknadar | 21 |
| 5.3 | Kommune- og reguleringsplanar | 22 |
| 5.4 | Fysiske inngrep og utslepp | 23 |
| 5.5 | Fiske og akvakultur | 25 |
| 5.6 | Hamner, naust, bryggjer og iler..... | 26 |
| 5.7 | Ankring | 28 |
| 5.8 | Kulturminne..... | 29 |
| 5.9 | Verneverdiar..... | 30 |
| 5.10 | Forvaltningsstypesmakt | 30 |

| | | |
|------|--|----|
| 5.11 | Avgrensing av området | 31 |
| 5.12 | Verneforskrifta | 31 |
| 5.13 | Oppsummering av merknadane..... | 35 |
| 6 | Vårt framlegg til forskrift for Dalsfjorden marine verneområde | 36 |

1 Samandrag av vår tilråding for oppretting av Dalsfjorden marine verneområde

1.1 Tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår oppretting av Dalsfjorden marine verneområde i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar. Verneforslaget omfattar eit sjøareal på 10,7 km².

Verneplanen var på høyring frå 16. februar 2022 og fram til 1. februar 2023. Siste innspel kom så seint som 27. juni 2023, og vi har inkludert alle innspel i vår tilråding. Dette dokumentet oppsummerer innspela frå høyringa.

1.2 Heimelsgrunnlag

Vi foreslår området verna som marint verneområde i medhald av lov 19.06.2009 nr 100 om forvaltning av naturens mangfold § 39: *Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier. Dette omfatter også naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.*

Det tilrådde området i Dalsfjorden tilfredsstiller krava sett for område som vi kan fremme for vern i § 39 a - g:

- a) *inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep*
- b) *inneholder truet, sjeldan eller sårbar natur*
- c) *representerer en bestemt type natur*
- d) *på en annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold*
- e) *utgjør en spesiell geologisk forekomst*
- f) *har særskilt naturvitenskapelig verdi*
- g) *har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere bestemte arter.*

Vern av det marine området i Dalsfjorden bidreg til å oppfylle nasjonale og internasjonale avtaler, jf. naturmangfoldloven § 46.

Det føreslegne verneområdet vil også bidra til å nå fleire av dei lovfesta målsettingane for områdevern i naturmangfoldloven § 33:

- a) *variasjonsbredden av naturtyper og landskap*
- b) *arter og genetisk mangfold*
- c) *truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter*
- d) *større intakte økosystemer, også slik at de kan være tilgjengelig for enkelt friluftsliv*
- e) *områder med særskilte naturhistoriske verdier*
- f) *natur preget av menneskers bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som bidrar til å opprettholde naturverdiene.*
- g) *økologiske og landskapsmessige sammenhenger nasjonalt og internasjonalt*
- h) *referanseområder for å følge utviklingen i naturen. Når det etter en annen lov treffes vedtak om å beskytte naturen i et område, bør det legges vekt på målene i første ledd. Inngår slike vedtak etter annen lov i en plan som omfatter områder beskyttet ved vedtak etter denne loven, kan Kongen gi regler for å sikre at beskyttelsen etter de forskjellige lovene samordnes i forhold til målet med planen.*

Vern av området vil også bidra til å oppfylle det nasjonale målet for områdevern, jf. Prop. 1 S (2015-2016), under resultatområdet Naturmangfold: *Et representativt utvalg av norsk natur skal bevares for kommende generasjoner*. Marint vern bidreg til at vi tek vare på representative, særeigne, sårbare og truga undersjøiske naturtyper langs kysten og i territorialfarvannet. Vidare vil vern av Dalsfjorden bidra til å oppfylle målsettingar i fleire seinare stortingsmeldingar, mellom andre disse:

- St. meld. nr. 37 (2008-2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljøet i Norskehavet (forvaltningsplan), jamfør Innst. S. nr. 362 (2008-2009).
- Meld. St. 37 (2012-2013) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Nordsjøen og Skagerrak (forvaltningsplan), jf. Innst. 502 S (2012-2013).
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet, jf. Innst. 294 S (2015-2016), der det går fram at eit tverrsektorielt marint vern etter naturmangfoldloven § 39, framleis bidreg til at eit utval av representative, særeigne, sårbare eller truga marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir teke vare på for framtida.
- Meld. St. 29 (2020–2021) Nasjonal plan for å bevare viktige område for marin natur

Det er naturmangfoldet som skaper produktiviteten vi høster av, som gjør at økosystemene er tilpasningsdyktige, og som er grunnlaget for matproduksjonen fra havet. Meld. St. 29

Under Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er det eit felles mål å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 % av verdens kyst- og havområde innan 2020. Per 29. juni 2023 er 4,5 % av det norske sjøarealet (innanfor territorialgrensa) verna.

Klima- og miljødepartementet har sluttført eit lovforslag som skal gjøre det mogeleg å verne delar av havet utanfor 12 nautiske mil. Statsministeren vidareførar leiarrolla i havpanelet til FN, og Noreg bidreg til FN sitt havforskingstiår.

1.3 Vurdering jamfør naturmangfaldlova kapittel II

Etter naturmangfaldlova § 7 skal miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet, og det skal gå fram av vedtaket korleis desse prinsippa er tekne omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også bli trekt inn i skjønsutøvinga.

Kunnskapsgrunnlaget

Etter **§ 8 i naturmangfaldlova** skal offentlege avgjersler som vedkjem naturmangfaldet, så langt det er rimeleg, bygge på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen til artar, utbreiing av naturtyper og økologisk tilstand, samt effekten av påverknadar. Avgjersler skal også ta omsyn til erfaringsbasert kunnskap. Kandidatområdet Dalsfjorden inngår i områda som det tverrsektorielle Rådgivende utvalg for marin verneplan i ein tidleg fase anbefalte inkludert i arbeidet med marint vern. Kunnskap om naturtilhøva i desse områda er samanfatta i tilrådingane frå Rådgivende utvalg frå 2003 og 2004.

Val av område vart gjort på bakgrunn av mellom anna ei analyse av utbreiinga til dei best kjente botnlevande marine artar (2335 av eit utval på 4218 arter), og inndelinga av kysten i tre biogeografiske regionar. Potensielle område blei delt inn i seks kategoriar. Utvalet la vekt på at det

skulle velgje ut område frå kvar av dei seks kategoriane innan kvar av dei tre biogeografiske regionane. Utvalet peikte på at det vil ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område. Det vart lagt til grunn at det er ein samanheng mellom førekommst av planter og dyr og botnforholda generelt. Ulike organismar trivst på mudderbotn, sandbotn, stein- og grusbotn og fjellbotn. Andre fysiske miljøforhold, som lys, djupne, saltinnhald og havstraumar, spelar også avgjerande roller for førekommst og utbreiing av artar. Botntopografi og botnforhold er i store trekk kjent i norske kyst- og havområde sjølv om detaljert kartlegging av artar i mange tilfelle ikkje er gjennomført. Utvalet foreslo på dette grunnlaget ei liste på 36 område i første fase av arbeidet med marin verneplan. Denne planen har hovudfokus på Noregs kystområde og territorialfarvatn. Rådgivende utvalg vurderte at disse 36 områda vil dekke rimeleg godt opp denne delen av Noregs marine område. Utvalet peikte likevel på suppleringsbehov av område frå ulike deler av landet.

Dei seinare åra er kunnskapsgrunnlaget vesentleg utvida ved at vi, etter oppstartsmeldinga vart sendt ut, har fått utarbeidd to kartleggingsrapportar for Dalsfjorden. Disse har mellom anna bidrige til registrering av rike og tette førekommstar av blant anna anemonar og blautkorall i relativt grunne område. Det er sjeldan å sjå tette samlingar av begerkorall så grunt, då den vanlegvis opptrer djupare enn 20 m. Korallnellik, som var hyppig på bratte fjellveggar i straumrike område, opptrer vanlegvis djupare enn 50 m, men i Dalsfjorden vart den registrert opp til 10 meters djupne.

Den kunnskapen som ligg føre om artane sin bestandssituasjon, naturtypane si utbreiing og økologiske tilstand i denne saka vert vurdert til å stå i eit rimeleg forhold til sakens karakter, jf. **naturmangfaldlova § 8**. Det vil vere trong for nærmere kartlegging som grunnlag for ei best mogleg forvalting av områda, men vi legg til grunn at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verneverdiane til at regjeringa kan treffe vedtak om vern.

Effekten av vernet

Dalsfjorden marine verneområde vil femne om sjøbotn, vassøyla og overflata. Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider dei siste ca. 2,5 millionar år med både representativ, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi biologisk og geologisk. I framlegget til verneforskrift opnar vi for at pågåande aktivitetar i hovudsak kan førast vidare i kandidatområdet. Innspela til oppstartsmelding og høyring for Dalsfjorden er fokusert på ulike tema. Vi har opplevd god kommunikasjon med kommunane i prosessen.

Marint vern grip i utgangspunktet ikkje inn i eideomsrett, busetjingsmønster, næringsverksemdu eller samfunnsutvikling på land, men aktivitet i tilgrensande område kan gje indirekte effektar på marine område ved t.d. utslepp. Vi vurderer **naturmangfaldlova § 9** om føre-var til å ha litra relevans i ver neprosessen, men den kan komme i bruk i vurderinga av dispensasjonssøknadar.

Naturmangfaldlova § 10 set krav om at påverknaden på eit økosystem skal bli vurdert ut ifrå den samla belastinga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Kandidatområdet har i mindre grad vore utsett for inngrep i form av dumping, tekniske anlegg, utslepp, m.m. Når det gjeld framtidig belasting, inneberer framlegget til verneforskrifter forbod mot tiltak og aktivitetar som vert vurdert å

kunne ha negativ effekt på naturmangfaldet i områda. Verksemdu vert opna for i verneforskriftene, er vurdert til ikkje å medføre auka belasting. Det kan eventuelt ligge tunge samfunnsmessige årsaker til grunn som tilseier at ei belasting må aksepterast, naturmangfaldlova gjev difor høve til unntak frå verneforskrifta for særlege tilfelle. Det blir viktig å utarbeide ein god forvaltingsplan som gjer framtidig sakshandsaming så smidig som råd. Ved å overvake naturmangfaldet i det marine verneområdet vil miljøtilstanden kunne følgjast opp. Dette vil gje betre grunnlag for å vurdere samla belasting ved handsaming av dispensasjonssøknadar. Ved søknad om løyve til konkrete tiltak skal også miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova vere retningsliner ved handsaming av saka.

Kostnaden ved å hindre eller avgrensa skade på naturmangfaldet skal berast av tiltakshavar, jf. **naturmangfaldlova § 11**. Vernevedtaket i seg sjølv fører ikkje til forringing av miljøet. I verneforskrifta er det opna for å kunne gje dispensasjon frå forbodsreglane. For enkelte av desse unntaka kan det bli sett vilkår for å hindre forringing av miljøet, og dersom desse vert fordyrande skal kostnaden bli dekt av tiltakshavar. Det er få slike krav å finne i verneforskrifta, men det ligg mange føringer i anna gjeldande lovverk, og ein må rekne med at publikum vil ha forventing til at ein finn gode miljøfaglege løysingar i det marine verneområdet.

Prinsippet i **naturmangfaldlova § 12** om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vektlagt i verneprosessen i samband med fastsetjing av framlegg til generelle unntak og spesifiserte dispensasjonsreglar. Denne paragrafen kan få stor innverknad, til dømes på eventuelle løyve til akvakulturverksemd. Eventuelle krav til dette vil i så fall bli stilt gjennom sektorlovene, med bakgrunn i naturmangfaldlova sine miljørettsprinsipp. Prinsippa i naturmangfaldlova vil også bli vurdert og vektlagt i samband med handsaming av søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta og i arbeidet med forvaltingsplan.

1.4 Verneverdiar

Verdifullt fjordlandskap

Dalsfjorden kandidatområde for marint vern har naturkvalitetar som er å rekne som verdfulle i nasjonal samanheng. Området dekkjer viktige element i den nasjonale marine verneplanen som har hovudfokus på representativitet. Få land i verda har fjordlandskap, og det er ingen tvil om at norske fjordar, som Dalsfjorden, har store internasjonale naturfaglege kvalitetar.

Dalsfjorden er ein smal fjordarm i Sunnfjord omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn i Dalsfjorden, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Kandidatområdet omfattar areal i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar og er om lag 10,7 km² stort. Gjennom mange istider har breane utforma Dalsfjorden. På botn av dei fleste fjordar finn ein tersklar som breane har lagt att. I Dalsfjorden er det fleire slike tersklar med ulikt artsmangfald innover fjorden. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata trivst i ganske grunne område her i kandidatområdet. Fjorden har det djupaste partiet på drygt 400 meter i ytre del utanfor grensa for kandidatområdet.

Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 meter, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fosseidalselvi renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein

terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det tronge Svædsundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m. Osen er allereie verna som naturreservat grunna den viktige funksjonen området har for våtmarksfugl, for undervassenger og plantesamfunn.

Leveområde for ei rekke tilpassa artar

Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekomstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde. Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svædsundet (også kalt Svesundet eller Svedsundet) er mudderbotn. Svædsundet har ein rik, fastsitjande hardbotnfauna langs fjordveggane. Både anemonar og korallar trivst godt i det straumrike sundet. Fleire stader i Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekomstar av begerkorall på 5-15 meters djupn.

I Dalsfjorden er vernegrensa fleire stader trekt slik at marine gruntområde i fjøra vert inkludert. Grunne område i fjorden er svært viktige for den biologiske produksjonen og det marine artsmangfaldet. Her finst dei fleste artane, og i tillegg er gruntområde med tareskog og fjøresone viktige oppvekstområde for fisk. Dei grunne sandområda er tilhaldsstad for eit spesielt utval av artar som ofte finst der i store mengder, og er viktig næring for andre ledd i næringskjedene. Grunne område er viktige for å finne næring for ei rekke fugleartar, mellom anna vadefuglar på gjennomtrekk. For å ta vare på dei mest produktive delane av fjordsystemet er det derfor viktig at mange av gruntområda er med i verneområdet.

Føremålet med vernet, slik vi tilrar i forskrifta

Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider dei siste ca. 2,5 millionar år med både representativ, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.

Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvassstilførsel og artsrike hardbotnsamfunn og inn mot eit nasjonalt verdfullt estuarområde med sjeldsynte pusleplanteartar, og samstundes eit stor tal fiskeartar. Dalsfjorden er difor også eit viktig oppvekst- og beiteområde for eit mangfold av marine artar. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

Store miljøverdiar i tilgrensande vassdrag og våtmark

Både Gaulavassdraget og Laukelandsfossen/Storelvi er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har også status som nasjonalt laksevassdrag. Kandidatområdet for marint vern grenser til dei to eksisterande naturreservata Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våtmarksreservat. Delvis innanfor og delvis utanfor våtmarksreservatet ligg eit svært viktig blautbotnsområde i strandsona (NIVA 2017).

Då Dalsfjorden vart valt ut som kandidatområde for marint vern vart det trekt fram at fjorden var lite påverka av utbygging og ureining.

Fjorden som karbonlager

Fjordar er store karbonlagre, og å ta vare på dei er difor også viktig i eit klimaperspektiv. Tang og tare på sjøbotnen bind karbon og produserer oksygen. Også sjølve sjøbotnen bind mykje karbon, gjennom sedimentert organisk materiale. Å la fjordane våre, som Dalsfjorden, vere intakte vil difor også vere eit tiltak som sikrar naturleg karbonbinding samstundes som det bevarer store naturkvalitetar.

Blautbotnsområde er nemnt på lista over naturtypar som OSPAR (Konvensjonen om beskyttelse av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhav) har vurdert som truga og i nedgang. Området ved Osen inngår i eitt av de prioriterte marinarkeologiske områda, PRIMAT 3730.

1.5 Trugsmål mot verneverdiane

Det kan være fleire potensielle trugsmål mot naturmangfaldet i det 10,7 km² store området. Det største trugsmålet mot verneverdiane er truleg større, fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, og som kan endre økosystemet. Dette kan til dømes være utfylling av masse, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på fjordbotn. Bruk av trål som rører sjøbotn er også eit alvorleg trugsmål.

Eit trugsmål mot det marine livet under overflata vil kunne være skipsforlis eller havari, særleg viss skip fraktar med seg større mengde fossile drivstoff e.a.. Dalsfjorden er ikkje eit gjennomfartsområde, men det er likevel skip innom opp til ei viss storleik. Bruk av anker frå skip i område der det er sårbart naturmangfald vil også føre til skade og øydelegging.

Eit trugsmål vil kunne vere større uttak av artar som er viktige næringsgrunnlag for mange organismar i verneområdet. Eksempel på dette kan være artar som ligg lågt i næringskjeda, som plante- og dyreplankton, sniglar, børstemakk o.l.. Den svartelista framandarta hamnespy (japansk sjøbung) er i spreying i Rogaland og Vestland. Våren 2023 vart hamnespy funne nord for Sognefjorden, utanfor Måløy og Florø. Det er stor fare for at den vil spreie seg vidare. Den legg seg som store teppe på sjøbotn og fortrenger alle andre artar. Hamnespy vil kunne få store konsekvensar for økologi og naturmangfald dit den kjem.

Klimaendringar vil påverke økosystemet i heile det tilrådde marine verneområdet. Auka temperaturar kan føre til forskyving av leveområde for eksisterande artar, samt at nye kan komme inn. Påverknad frå anna langtransportert forureining, drivande søppel og mikroplast kan vere aktuelt også her. Det same gjeld forsuring, som over tid kan bli alvorleg. Vi kjenner ikkje til korleis alle artar vil respondere på mange av desse trugsmåla.

Området er påverka av avrenning og næringsavløp. I ein publisert rapport frå Akvaplan NIVA AS (2021), laga på oppdrag frå Sunnfjord kommune, kjem det fram at kjemisk tilstand er relativt god, men økologisk tilstand er moderat til dårlig på fjordbotnen i indre delar av Dalsfjorden. Heile rapporten kan ein finne på våre heimesider.

Vern av Dalsfjorden vil ikkje kunne sikre naturmangfaldet mot endra klima, men kan, ved at andre trugsmål blir redusert/endra/regulert, gjere at området vil være meir robust mot uheldige effektar av klimaendringane. Sidan området blir verna mot nye vesentlege inngrep, vil Dalsfjorden også kunne bli eit referanseområde for korleis naturen endrar seg, m.a. som følgje av klimaendringar. Vern sikrar heller ikkje områda mot tilførsle av næringssalt, søppel og miljøgifter utanfrå. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom anna lovverk i den grad det let seg regulere, til dømes forureiningslova. Vassforskrifta er vidare eit verkemiddel for å sikre god miljøtilstand gjennom heilskapleg bruk av sektorverkemiddel basert på felles kunnskapsgrunnlag.

1.6 Andre interesser

Fiskeri og akvakultur

Frå Nishammaren og inn forbi Grimeneset i kandidatområdet er det registrert område for rekefiske (Nr 1469 Vilnesfjorden – Dalsfjorden). Det er ikkje rekefiske der i dag. Siste oppdatering i kartlaget for rekefiske var i 01.12.1995. Reketråling er ein form for botnträling, og går føre seg relativt djupt. Det er forbod motträling grunnare enn 100 meter på Vestlandet, etter haustingsforskrifta § 16. Det registrerte rekfeltet ligg også i areal grunnare enn 100 meters djupne. Ut i frå data innhenta av Havforskinginstituttet er det ikkje registrert reker i Dalsfjorden i dag. Resultat frå ei kartlegging i 2021 av botnfisk og reker på rekfelt i utvalde vestlandsfjordar (toktnummer 2021854), synte halet nord for Dalsøyna ingen djupvassreker i fangsten. Fiskeridirektoratet stadfestar i e-post at det er fråvær av ressursen (reker) og aktiviteten (träling) i dag. Dei skriv også at *En del av rekfeltene er registrert som ressursområder basert på bunntopografi, og er ikke nødvendigvis trålbare i praksis.*

Det er ikkje kvart år det er makrell i fjorden. For meir enn 30 år sidan var Dalsfjorden ein rik silde- og brislingfjord. I seinare tid har desse artane vore borte frå fjorden. Etter dei opplysningsane Fiskeridirektoratet har fått, er ikkje fiskeriaktiviteten i Dalsfjorden særleg stor, og det blir stort sett fiska frå Flekkefjorden og vestover (altså utanfor verneframlegget). For dei få som bruker området, er fisket likevel ein viktig del av inntektsgrunnlaget. Fiskarar frå Hyllestad, Solund og Askvoll er registrerte brukarar av området til garnfiske for artane lyr, hyse og lysing, jamfør fiskeridata frå 2018. Torsken har gyteområde innanfor Korsneset. Kandidatområdet inngår i eit forvaltningsområde for sel.

Det er registrerte lokalitetar for låssetjing av fisk både i Sagevik og utanfor Strandaneset. Dei blir brukt til oppbevaring for både makrell og sild i perioden sommar/haust.

Ariel Seafood AS har to lokalitetar i kandidatområdet med kommersiell blåskjeldyrking til konsum. Ved Kvamen (lokalitetsnummer 13501 i akvakulturregisteret) er det ein produksjonskapasitet på 40 DA jf. siste vedtak i saka frå 26.06.2001. Gjelet (lokalitetsnummer 19476 i akvakulturregisteret) har ein kapasitet på 30 DA jamfør siste vedtak datert den 16.05.2003. Begge ligg i ytre del av kandidatområdet i Fjaler kommune.

Det er ikkje tarehausting innanfor tilrådd vernegrense i Dalsfjorden. Vi har heller ikkje registrert at det er aktivitet knytt til havbeite.

Friluftsliv, reiseliv og lokal bruk

Dalsfjorden vert nytta mykje i friluftslivs- og reiselivssamanheng, både av lokale og av tilreisande. Dalsfjorden blir marknadsført som ein fin destinasjon for båtturar, fisking og kajakpadling, og det er

ein populær plass å drive med friluftsliv. Det er mange aktive fritidsfiskarar i området, både fastbuande og tilreisande, og fleire verksemder driv med utleige av båt til slik bruk. Dalsfjorden er kjent for å ha mange artar som er attraktive for sportsfiskarar, og til dømes vart landets største rødspette teke på stang utanfor Bygstad.

Det er tre bedrifter som leiger ut båtar i Dalsfjorden til turistar som vil fiske.

Det er mange naust langs sjøen som er i bruk til småbåtar, og det er populært for lokale å eige eiga båt. Mange nyttar småbåthamnene. Kvaliteten på badevatnet har betra seg, og folk badar der det er lett tilkomst. Kommunen har tiltak for å auke kvaliteten på vassførekosten. Det er småskala uttak av mindre mengde sand for tilgrensande grunneigarar.

På sjøkart er det markert fleire ankringsplassar. Disse er først og fremst i bruk av småbåtar i fritidsaugemed, anten båtane er «busett» i Dalsfjorden eller kjem tilreisande frå andre stadar.

Eitt område i Askvoll sin del av kandidatområdet er i jamleg bruk av større fartøy. Yachter kjem ofte langvegs i frå, og ankar opp vest for Laukelandsfossen, i Fossevika. På austsida av Laukelandsfossen, i Røvika i Sunnfjord kommune, er det også registrert bruk av ankringsplass for større fartøy enn småbåt. Jamfør innspel frå Kystverket vil truleg bruken av området auke framover.

Kulturminne

Vi har ikkje fanga opp kartfesta kulturminne innanfor grensene til kandidatområdet, men det utelukkar ikkje at det er uoppdaga kulturminne på sjøbotn. Det er registrert åtte gravrøyser og to bautasteinar frå jernalderen kring Dalsfjorden. Ingolv Arnarson, den første landnåmsmann på Island, kom frå Dalsfjorden, og området har hatt jarlesete og vore eit regionalt sentrum i vikingtid. Området ved Osen, inst i kandidatområdet, inngår i eit av dei prioriterte marinarkeologiske områda, PRIMAT 3730.

Skipstrafikk, farleier og navigasjonsinstrument

Inn Dalsfjorden er det ei bi-lei med registreringsnummer 2322 Dalsfjorden. Det var ikkje registrerte fiskerihamner eller ankringsplassar i Dalsfjorden under høyningsprosessen, jf. Kystverket sine kart. Kystverket la 28. mars 2023 ut to område på høyring som ankringsområde. Dette gjeld Fossevika og Røvika, sjå omtale under kapittel 5.7.

På Halsnes er det ein permanent okulerande fyrlykt i form av lyktehus på underbygning, som er eigd av Kystverket. Det er også registrert ein stake som heiter Strandaflua på eit skjer mellom Gryvlevika og Klubben.

Vi har registrert ei småbåthamn i Eidevik og eit småbåtanlegg på Skjeret i Bjørvika, og har tilpassa vernegrensa i tilrådinga etter innspel i høyringa.

Ved tømmerkaien i Kvamen i Fjaler og på Skjeret i Sunnfjord er det større fartøy som legg til i næringssamanheng. Ved kaien på Skjeret blir ankring mot sjøbotn brukt når store fartøy legg til kai/lossar.

Tekniske installasjonar og inngrep

Det er ikkje mange tekniske installasjonar i kandidatområdet for marint vern i Dalsfjorden. Vi har trekt vernegrensa utanom område avsette i kommunale planar, med eitt unntak av Leirvika, inne ved Osen naturreservat. Kommunen har seinare trekt dette arealet ut av sine arealplanar, då det var uvanleg store naturverdiar der (meir om dette i kapittel 5.3).

Vi har ikkje klart å avdekkje kunnskap om eksisterande sjøleidningar, kablar eller andre planar om framtidige tekniske installasjonar i kandidatområdet utanom det som er spelt inn i oppstartsfasen eller det som er synleg på offisielle kartbasar som t.d. fylkesatlas.

Det er tre kraftlinjer som kryssar fjorden med luftspenn. Vest i kandidatområdet kryssar linja 66 KV Hålandsfossen - Fossedal (eigd av BKK) og S 66 Hålandsfossen - Rivedal (eigd av Sunnfjord Energi) i same fjordspenn. Ved Nistad kryssar L26 Laukeland (eigd av Sunnfjord Energi) fjorden og ved Kapstad kryssar L26 Fauske – Sagevik (eigd av Sunnfjord Energi) fjorden. Lengst vest i kandidatområdet ligg to/tre sjøkablar (51136T2 Jarl, 51013 Fursethmyr og 51136T3 Otterstein) eigd av Sunnfjord Energi. BKK Nett erstattar tidlegare Sunnfjord Energi, og har planar om å byte ut delar av luftspennet ved Nistad med sjøkablar.

Det er spelt inn ønskje, i samband med kommuneplanen til tidlegare Gaula kommune, om å kunne bygge bru over Svædsundet for m.a. å kunne korte ned køyretida mellom nordsida og sørsida av fjorden. Per i dag er det ikkje konkrete planar eller ressursar til å bygge bru. Det vart ikkje spelt inn eit konkret ønskje om etablering av bru med påle i Svæsundet under høyringa.

Større prosjekt på land som vil kunne påverke fjorden

Det er konkrete planar om å utbetre fylkesveg 57 på sørsida av Dalsfjorden. Vegen skal mellom anna leggjast høgare opp i terrenget og få gul midstripe, og ifølgje [eksisterande reguleringsplan](#) er det ikkje planlagt tiltak i fjorden. Eit marint vern i Dalsfjorden vil ikkje hindre utbetring av fylkesveg 57, og det er regulert areal på land for å deponere massar i anleggfasen. Det er opning i forskrifta for å gje dispensasjon til tiltak, dersom vilkåra er til stades, i samband med oppgradering av fylkesvegen langs Dalsfjorden. Statsforvaltaren har hatt møte med fylkeskommunen om temaet, sjå vedlagt møtereferat om Grylevika.

Tiltak i samband med utviding av den eksisterande tømmerkaien i Kvamen ligg også inne som ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Både dispensasjonsheimelen for fylkesveg 57 og for tømmerkaia i Kvamen kan nyttast ved tiltak eller behov som vi ikkje på det noverande tidspunkt har fanga opp, og som går utanfor reguleringsplangrensa. Verneføremålet vil bli tillagt stor vekt i alle saker om dispensasjon.

2 Sakshandsaming

2.1 Bakgrunnen for marint vern i Noreg

Arbeidet med å greie ut marine verneområde i Noreg starta i 1991, då Miljødirektoratet (den gang Direktoratet for naturforvaltning) oppnemnte eit rådgjevande utval for marine verneområde (også

omtalt som Brattegard-utvalet). Brattegard-utvalet samla representantar frå forskjellige forskingsmiljø i landet, samt representantar frå Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning. Utvalet gav i 1995 ei tilråding i form av Utredning for DN Nr. 1995-3, Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge. Seinare vart det oppnemnt eit nytt utval av Klima- og miljødepartementet (den gang Miljøverndepartementet) i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet (den gang Fiskeridepartementet) og Olje- og energidepartementet i 2001. Dette utvalet vart kalla rådgivende utvalg for marin verneplan, og hadde som mandat å gje råd til utforming av den første marine verneplanen i Noreg. Med bakgrunn i mellom anna analyse av utbreiinga til botnlevande marine artar vart Norskekysten delt i tre regionar. Potensielle område vart delt inn i seks kategoriar:

1. Polar
2. Straumrike lokalitetar
3. Spesielle gruntvassområde
4. Fjordar
5. Opne kystområde
6. Transekts frå kyst til hav og sokkelområde

Dalsfjorden var eitt av 36 kandidatområde for marint vern som vart peika ut i tilråding frå Rådgivende utvalg for marin verneplan, og høyrer til i kategori 4, Fjordar. Utvalet la vekt på at det skulle veljast ut område frå kvar av dei seks kategoriane innanfor kvar av dei biogeografiske regionane. Utvalet peika på at det ville ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område, og la til grunn at det er kjent at det er samanheng mellom førekomenst av plantar og dyr og botntilhøva generelt. Utvalet ga si endelege tilråding i 2004, og vurderte at dei 36 områda til saman representerte eit godt og balansert utval av undersjøisk natur frå kysten og skjergarden. Ved utveljinga vart særpreg og representativitet i regionar og kystavsnitt vektlagt. Det vart også lagt vekt på at områda skulle vere lite påverka og at dei kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.

Arbeidet med marint vern er forankra i fleire stortingsmeldingar, mellom anna St.meld. nr 37 (2008-2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet (forvaltningsplan), jf. Innst. S. Nr. 362 (2008-2009). Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet stadfestar at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfaldlova § 39 framleis skal medverke til at eit utval av representative, særeigne, sårbarbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet vert tekne vare på for framtidia. I stortingsmelding nr 29 (2020–2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur vart det presisert at marin verneplan frå 2004 skal halde fram.

2.2 Sakshandsaming

Sakshandsaminga har følgt reglane i naturmangfaldlova, forvaltingslova og utgreiingsinstruksen. Vi har lagt vekt på god lokal medverknad og forankring og har brukt spesielt god tid under høyringa.

Oppstart

Melding om oppstart av planarbeidet for Dalsfjorden kandidatområde for marint vern vart kunngjort og sendt lokale og regionale høyringsinstansar frå dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane den 3. november 2017. Vi arrangerte opne møte om temaet den 14. november 2017 i Bygstad i Gauldal

commune og 06. mars 2018 i Dale i Fjaler kommune. Vi hadde møte med kommunane den 5. juni 2019. Vi var på synfaring med Gaular kommune og grunneigarar 5. juni 2019, i tillegg til ei synfaring for å bli kjend i grunne område den 18. september 2019. Oppsummering av innspela frå oppstartsmeldinga vart eit viktig grunnlag for vidare kartlegging og dermed også den etterfølgjande høyringa.

Endringar i kommune- og fylkesgrenser undervegs

Frå 1. januar 2019 gjekk Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i lag med Fylkesmannen i Hordaland og vart Fylkesmannen i Vestland. Frå 1. januar 2020 slo Førde, Jølster, Naustdal og Gaular kommune seg saman og vart Sunnfjord kommune. Frå 1. januar 2021 vart Fylkesmannen i Vestland til Statsforvaltaren i Vestland.

Høying av verneforslaget

Verneforslaget vart sendt ut på høying den 16. februar 2022. Opphavleg sette vi høyringsfrist til den 22. april 2022. Parallelt med verneprosessen for marint vern jobba m.a. Sunnfjord kommune med arealdelen av kommuneplanen, og bad difor om utsetjing av fristen for å få avklart ein del areal i plan. Det var avsett fleire areal i sjø i den gamle kommuneplanen, og vi hadde dialog undervegs. Vi ser det var rett å bruke god tid i denne delen av verneprosessen.

For å legge til rette for medverknad i prosessen utvida vi høyringsfristen fleire gonger. Vi hadde eit møte med Sunnfjord kommune den 3. mars 2022. Kommunen bad om betre tid og meir informasjon, og vi hadde ei orientering for formannskapet i Sunnfjord den 9. juni 2022. Etter kvart kom det ønske fra Sunnfjord kommune om eit ope folkemøte. I samarbeid med kommunen inviterte vi til ope møte i Bygstad den 11. januar 2023 og utvida samstundes høyringsfristen for at alle som kom på folkemøtet kunne spele inn sine innspel basert på dialogen under møtet. Endeleg sluttstrek for høyringsinnspel sette vi då til 1. februar 2023. I løpet av våren 2023 kom det innspel frå Kystverket til oppstartsmeldinga for Sognefjorden om ankringsområde. Fordi vi såg at dette også var gyldig for Dalsfjorden initierte vi eit møte med Kystverket om ankring i marine verneområde. Siste innspel som kom inn til verneprosessen for Dalsfjorden kom 27. juni 2023, sjølv om høyringsfristen vart sett 1. februar same år. Vi har valt å inkludere alle innspela i vår omtale og vår tilråding.

Møte med ulike aktørar undervegs

Vi hadde eit møte med Fjaler kommune, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen om vegtrasé i Gryvlevika langs Fylkesveg 57 (23. januar 2023), og eitt møte med Kystverket om ankringsområde (22. juni 2023). Referat frå møta ligg vedlagt. Etter møte med Kystverket den 22. juni 2023, fekk vi inn eit tilleggsinnspel frå Kystverket datert den 27. juni 2023.

Tilrådinga vår er sendt til Miljødirektoratet seinsommaren 2023, sjå datert brev som følgjer dette dokumentet. Det har vore lagt opp til ein ordinær verneplanprosess etter naturmangfaldlova. Det har vore ein føresetnad å sorgje for at arbeidet skjer med god lokal medverknad og forankring. Difor har vi valt å ha ein fleksibel høyringsfrist og inkludere alle innspela som har komme oss i hende.

Kartlegging

To biologiske kartleggingsrapportar har vore produsert i samband med verneplanprosessen. Disse er tilgjengeleg på våre heimesider. Rådgivende Biologer AS (RB) har produsert dei to rapportane. Utdrag frå rapportane er å finne i høyringsdokumenta. Den første rapporten (rapport nr 2766, Olsen og Eilertsen 2018) skildrar naturmangfaldet langs ni transekter i utvalde område. RB gjennomførte også undersøkingar i grunne område i indre delar av Dalsfjorden (rapport nr 2801, Haugsøy og Eilertsen 2019). Fylkeskommunen og NGU har utarbeidd kart over botnsediment, dette ligg også tilgjengeleg på våre heimesider.

3 Endringar etter høyring i framlegget til verneområde

3.1 Avgrensing og arealomfang

Kandidatområdet er vesentleg redusert i høve til det første framlegget i marin verneplan frå ekspertutvalet om Dalsfjorden som marint verneområde, då grensa var lagt lenger ut fjorden og arealet var kring 30 km². Samstundes er området noko større enn framlegget som Rådgivende utvalg for marin verneplan kom med i ei førebels tilråding til Direktoratet for naturforvaltning i 2003, om å trekke grensa ved Grimeneset. Vi vurderte at den beste avgrensinga for det føreslegne verneområdet var på ein terskel, ikkje midt i eit basseng i fjorden. Slik vil det vere lettare å formidle kor grensa går, og det er ikkje tungtvegande naturfaglege årsaker til å trekke grensa midt i eit fjordbasseng. Ein sentral del av verneføremålet er dei spesielle naturtilhøva med stor ferskvasspåverknad, og det vart difor naturleg å legge grensa ved terskelen i området ved Nishammaren slik at dei markerte ferskvaststilførslane frå Laukelandsfossen (Storelvi) og Fossedalselvi kjem med i verneområdet.

Arealet vi sendte ut oppstartsmelding på var 11,3 km². Arealet vi no tilrår er 10,7 km². Vi signaliserte frå starten at vi ville vurdere å inkludere privat eigedom med grunne område i det marine vernet. Vi ser at enkelte grunne område har stor naturvitskapleg verdi, og har i delar av kandidatområdet inkludert landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).

Disse gards- og bruksnummara vart inkludert i framlegg til verneforskrift i høyringa:

259/3 i Askvoll kommune

52/1, 52/2, 53/1, 54/1, 55/1, 55/2, 56/1, 56/2, 56/3, 56/4, 56/5, 57/2, 57/5 i Fjaler kommune.
230/1, 230/2, 230/3, 230/4, 230/5, 231/1, 231/2, 231/3, 231/5, 232/1, 232/3, 232/4, 232/6, 233/3,
233/4, 233/5, 233/13, 229/1, 229/2, 229/3, 229/5, 229/8, 222/5, 222/8, 222/14, 195/1, 195/3,
195/6, 195/10, 195/11, 193/1, 187/1, 187/2, 187/4, 187/5, 187/6 i Sunnfjord kommune.

Etter innspel i høyringsrunda har vi justert grensene rundt Eidevik, Bjørvika, Skjeret og kaia i Bygstad i Sunnfjord kommune og rundt Kvamen i Fjaler kommune. Rundt Skjeret har vi justert grensene for å grense ut eksisterande småbåtanlegg. For Eidevik, Bjørvika og Kvamen har vi justert grensene for å ta omsyn til kommuneplanar som ligg på høyring. Rundt Leirvika, som Sunnfjord kommune opphavelig bad om at skulle bli tatt ut frå det marine verneområdet, har vi i samråd med kommunen valt å ikkje endre grensene på grunn av dei store naturverdiane i området. I tillegg har vi justert grensa ved ein

eigedom slik at det er samsvar mellom eigedommene som er lista opp i verneforskrifta og vernekartet.

For tømmerkaia i Kvamen forventar vi at arealet som er grensa ut av det marine verneområdet er stort nok for arbeidet med utviding av tømmerkaia. Vi held likevel fast ved § 5 bokstav o som opnar for at forvalningsstyresmakta etter søknad kan gje dispensasjon til utviding av eksisterande tømmerkai i Kvamen.

3.2 Verneforskrifta

I høyingsrunden fekk vi innspel som gjer at vi tilrår nokre endringar av verneforskrifta. Dette gjeld i hovudsak presiseringar der ordlyden ikkje var tilstrekkeleg klar, slik at intensjonen bak reguleringa ikkje kom godt nok fram. Vi har også gjort nokre språklege presiseringar i føremålsparagrafen for å få verneføremålet tydelegare frem.

Vi rår til å gjere nokre endringar i verneforskrifta § 2 for å gjere den geografiske avgrensinga av verneområdet tydelegare. Av pedagogiske årsaker ønskjer vi å innleie føresegna med leddet som viser til at grensene for det marine verneområdet er fastsett i kartet. På denne måten vil vi gjere det tydeleg at det er vernekartet som set grensene for verneområdet, medan andre ledd gjev ei språkleg omtale av korleis grensene går. Her har vi også presisert nærmare dei ulike variasjonane i vernegrensa.

I samband med dei siste justeringane av verneforskrifta har vi og gjennomgått vernekartet. Det viser seg at det er nokre eigedomar i Sunnfjord kommune som manglar i opplistinga av eigedomar som vert påverka av vernet. Eigedomane er omfatta i vernekartet, og eigarane stod på mottakarlista når høyringa vart sendt ut. Dette gjeld 230/14, 195/12 og 187/3. Ein fjerde eide dom mangla også i opplistinga i verneforskrifta. Eigaren stod ikkje på høyingslista, men han sendte inn høyingsinnspeil. Gjennom korrespondanse i etterkant av høyingsinnspeilet vart grunneigaren informert om grensene går heilt mot land på delar av hans eide dom. Dette gjeld 232/5. Vi har no lagt desse eigedomane til i opplistinga i § 2 tredje ledd.

I høyringa kom det frem at det er trøng for faste område for fortøyning, og to område for fortøyning i Fossvika og Røvika er difor lagt til i § 4. I same føresegna er det teke inn unntak for ankring i samband med anløp ved eksisterande kai i Bjørvika. Verneforskrifta vert med dette i samsvar med korleis aktiviteten er i området i dag. Samstundes har vi også flytta høve til å etablera faste anlegg for fortøyning av småbåt ned i § 5, då omsynet til naturmangfaldet i grunne område gjer at det er trøng for å kunne vurdere den konkrete plasseringa av slike. I tillegg til at det er høve til å søkje om tekniske tiltak som inneber små inngrep på botnen og som ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, er det lagt inn høve til å søkje om dispensasjon for å ankre med båtar og andre fartøy større enn 15 meter. Summen av desse endringane gjer til at det vert god balanse mellom eksisterande bruk og vern. I samband med justeringa av føresegna som gjeld ulike former for ankring, har vi valt å konsekvent nytta omgrepet «ankring». Omgrepet ankring har lik tyding og bruk på både nynorsk og bokmål, og er kjernen av dei andre omgrepa som tidlegare er nytta i samband med verneprosessen, som til dømes oppankring og forankring. Omgrepet tydar ifølgje ordbøkene.no¹

¹ Bokmålsordboka og Nynorskordboka viser skrivemåte og bøyning i tråd med norsk rettskriving. Språkrådet og Universitetet i Bergen står bak ordbøkene.

«det å ankre», medan omgrepene forankring kan tyde både «det å ankre» og «ankerfeste». Omgrepene «oppankring» er ikkje teke med i ordbøkene.no. Føremålet er forenkling og konsekvent bruk av omgrep, og inneber ikkje noko endring av innhaldet i føresegndene.

I tillegg til dei språklege presiseringane har vi foreslått nokre endringar i rekkefølgja i § 4 og 5. Føremålet er å samle føresegner som tematisk høyrer saman, og samstundes sjå til at forskriftene for dei ulike marine verneområda i fylket i størst mogleg grad følgjer kvarandre.

Vi ønskjer også å harmonisere ordlyden med dei siste vernevedtaka for marint vern frå statsråd og med andre verneforskrifter vi jobbar med i fylket med same restriksjonsnivå, vi har difor gjort nokre språklege presiseringar som ikkje endrar innhaldet i føresegndene. På same bakgrunn er også § 3 siste ledd teke ut, då det er avklart at Miljødirektoratet ikkje har myndighet til å fastsetje forskrifter for å regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet.

Vi tilrår at:

- Første og andre ledd i føremålsparagrafen vert endra for å få føremålet med vernet tydelegare frem, og ny ordlyd i § 1 vert:

«Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma og representativ fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider. I Dalsfjorden er det sjeldan og sårbar natur som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi, både biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.»

Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvasstilførsel og artsrike hardbotnsamfunn med eit nasjonalt verdfullt estuarområde inst i fjorden. Dalsfjorden er eit viktig oppvekst- og beiteområde for eit mangfold av marine artar.»

- I geografisk avgrensing i § 2 vert rekkefølgja endra slik at siste ledd kommer først i føresegna. Deretter kjem tidlegare fjerde ledd som omtalar korleis grensa for verneområdet går. Dei tidlegare første til tredje vert slått saman og blir til eit nytt tredje ledd. Ordlyden i ny § 2 vert slik:

«Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.20xx.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 10,7 km2. Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der:

- *Grensene er trekt utanom hamner og annan infrastruktur.*
- *Vernet grenser inntil Osen naturreservat og Holmelidholmen naturreservat; det marine verneområdet har felles grense med desse naturreservata i sjø.*
- *Ved eigedomane nemnt i tredje ledd, der også heile eller delar av landarealet i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.*

Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Det marine verneområdet omfattar følgjande gnr./bnr.:

- Askvoll kommune: 259/3
- Fjaler kommune: 52/1, 52/2, 53/1, 54/1, 55/1, 55/2, 56/1, 56/2, 56/3, 56/4, 56/5, 57/2, 57/5.
- Sunnfjord kommune: 230/1, 230/2, 230/3, 230/4, 230/5, 231/1, 231/2, 231/3, 231/5, 232/1, 232/3, 232/4, 232/6, 233/3, 233/4, 233/5, 233/13, 229/1, 229/2, 229/3, 229/5, 229/8, 222/5, 222/8, 222/14, 195/1, 195/3, 195/6, 195/10, 195/11, 193/1, 187/1, 187/2, 187/4, 187/5, 187/6.»

- I § 3 første ledd bokstav c, har vi strøket "... og inngrep som kan skade verneverdiane", då dette kjem fram allereie i første setning i innleiinga til § 3.
Vi har også strøket "Opplinga av tiltak er ikkje uttømande". At lista ikkje er uttømande kjem fram av at det i innleiinga til oppling står "som t.d."
- I § 3 siste ledd har vi stroke "Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemد i det marine verneområdet".
- § 4 bokstav b første punktum får ny ordlyd: «Ankring i område i Fossvika og Røvik som er markert i vernekartet, og ankring i samband med anløp, lasting og lossing ved eksisterande kai på Skjeret i Bjørvika.» Det som gjeld fortøyning av småbåt fell inn under § 4 bokstav g, mens det som gjeld anlegg av fastfortøyning er teke inn i § 5 bokstav f.
- I § 4 første ledd bokstav c har vi bytt "andre lover og forskrifter" til "anna gjeldande lovverk".
- I § 4 bokstav g, vert orda «for småbåt» lagt til i slutten av setninga.
- I § 4 bokstav j, vert «vann- og avlaupsleidningar» lagt til som døme på eksisterande anlegg og innretningar.
- § 4 bokstav l, vert flytta opp og blir ny bokstav k. Bokstavrekkefølgja vidare vert dermed endra som følgje av dette.
- § 4 bokstav m vert stroken då utslepp frå eksisterande avlaupsanlegg fell inn under § 4 bokstav j.
- § 5 bokstav h, vert flytta opp for å setje føresegna i samanheng med føresegne som gjeld kablar og røyrleidningar, og blir ny bokstav d. Her vert også ordlyden endra til: «Legging av nye kloakkledningar og utslepp av reinska kloakk i samsvar med gjeldande lovverk.» Bokstavrekkefølgja vidare vert dermed endra som følgje av dette.
- I § 5 bokstav f (tidlegare bokstav e), vert ordet «småbåthamner» endra til «småbåtanlegg», og det vert lagt til formuleringar knytt til fartøysfeste for småbåt. Ny ordlyd vert:

«Småbåtanlegg, medrekna flytebrygger og fortøyningar, og anlegg av mindre fartøysfeste for småbåt som fastfortøyning og dragfortøyning. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.»

- § 5 bokstav k som gjeld bølgjedemparar vert flytta opp for å setje føresegna i samanheng med føresegna om småbåtanlegg, og blir ny bokstav g. Bokstavrekkefølgja vidare vert dermed endra som følgje av dette.
- § 5 bokstav h er lagt til som ny føresegn, og ordlyden er «*Ankring av båt eller andre fartøy større enn 15 meter*». Bokstavrekkefølgja vidare vert dermed endra som følgje av dette.
- Føresegna som i høyringsutkastet var § 5 bokstav j, og som gjeld mindre uttak av sand, vert flytta opp og blir ny bokstav k. Føresegna følgjer dermed tematisk etter føresegne om ulike tiltak på botnen.
- I §§ 6 og 7 har vi i tilvisinga til høvesvis naturmangfaldlova § 48 og § 47 føydd til "i samsvar med". I § 6 første punktum er formuleringa «...om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket...» bytta ut med «...dersom det ikkje strir mot verneføremålet...».

3.3 Namnsetjing

Vi tilrår namnet *Dalsfjorden marine verneområde*. Det har ikkje komme innspel på anna.

4 Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar

Miljødirektoratet skal fastsetje kven som skal vere forvaltingsstyresmakt for verna område, og om det bør bli oppretta eit rådgjevande utval for forvaltinga. Alle kommunar fekk hausten 2014 tilbod om å ta over forvaltingsansvaret for mindre verneområde, område som elles vart forvalta av (dei dåverande) fylkesmennene. Miljødirektoratet har delegert slikt ansvar til kommunar som har sagt ja og akseptert føresetnadane som ligg til grunn for tilbodet. Tilbodet omfattar ikkje verneområde som strekk seg over fleire kommunar. For marine verneområde hadde Bodø kommune ein periode forvaltinga av Saltstraumen marine verneområde. Elles er det statsforvaltarane i dei respektive fylke som normalt er forvalningsstyresmakt.

I høyringsperioden har det vore løfta fram ulike modellar for forvalting av eit framtidig verneområde i Dalsfjorden. Ei liknande ordning som norske nasjonalparkar har, med interkommunale forvaltingsstyre og eigne forvaltarar, kan være aktuelt om forholda ligg til rette for det. Vi har gode røynsler med interkommunale forvaltingsstyre for nasjonalparkar og store landskapsvernombåde, og er open for at ei liknande ordning kan fungere også for marine verneområde. Den daglege forvaltinga blir styrt etter verneforskrift og forvaltingsplan. Talet på saker treng ikkje å bli stort, men det er stor trøng for å utvikle kunnskapsgrunnlaget og mykje tid vil gå med til planlegging og organisering av slike tiltak og omsette resultata i praktisk forvalting. God marinbiologisk kompetanse bør vere ein viktig kvalifikasjon for å kunne ta forvaltingsansvaret for slike område i vare. Dette krev i så fall ekstra løyingar frå staten. Nyleg er det bestemt at Lophavet marine verneområde, som det største marine

verneområdet i landet, skal bli forvalta av eit oppnemnt styre. I verneområdestyret skal kommunane, fylkeskommunen og Sametinget delta, og ha ein lokalt tilsett verneområdeforvaltar.

Utarbeiding av ein forvaltingsplan må bli prioritert etter at eit vernevedtak ligg føre. Oppsyn har ikkje vore eit fokusert tema under høyringa. Høyringspartane har truleg rekna med at oppsyn følgjer som ein naturleg konsekvens av eit vernevedtak. Framleggget omfattar også privat eigedom på enkelte strekk, i tillegg til der det marine verneområdet grenser mot naturreservat på land. Utanom dei opplista gards- og bruksnummerna er sjøbotnen utanfor marbakken (eller nedanfor 2 meter under sjøkartnull) utan unntak statens eigedom.

Eventuelle utgifter til erstatning og gjennomføring av eventuell erstatningsprosess, samt merking og oppsetjing av skilt, må dekkjast innanfor løvinga og tilsegnsmakta under kapittel 1420 post 33. Utarbeiding av forvaltingsplanar, etablering av oppsyn og skjøtsel vil måtte dekkjast innanfor aktuelle budsjettpostar og eksisterande budsjettrammer.

5 Merknadar til verneforslaget

5.1 Høyringspartar og uttalar

Forslaget om Dalsfjorden marine verneområde vart sendt ut på lokal og sentral høyring. Høyringa var annonsert i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. Vi hadde oppslag om høyringa på heimesidene til Statsforvaltaren, og bad kommunane om å spreie informasjon via eigne heimesider. Vernet vart også omtalt redaksjonelt i lokalt media. I samarbeid med Sunnfjord kommune arrangerte vi eit ope informasjonsmøte i høyringsperioden, der det var godt oppmøte og stor interesse for kunnskap om både biologiske verdiar og om konsekvensar av vernet.

Vi fekk 25 innspel, frå 22 aktørar, til høyringa. Følgjande sendte inn dokument til høyringa:

Riksantikvaren, Bergen Sjøfartsmusem, Ariel Seafood AS, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralutvikling (DFM), Sunnfjord kommune (fleire høyringsinnspel), Fjaler kommune, Askvoll kommune, Arnulf Aasnes, BKK Nett AS (tidlegare Sunnfjord Energi), Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Mattilsynet, Havforskingsinstituttet, Bygstad Utvikling (v/Anne Lilleaasen), Tom Kristian Hestad Kårstad, Anders Pihl, Frode Hjelmeland, Per Nistad, M. M. Øvrebø AS (v/Kjell Øvrebø), 5 grunneigarar på vegner av bebuarane på Sveen i Bygstad, Vestland fylkeskommune, Kystverket (fleire innspel).

I tillegg gav desse innspel til oppstartsmeldinga: Sjøfartsdirektoratet, Opplysningsvesenets fond, Statens kartverk, Sogn og Fjordane Fiskarlag og Hafs Fiskarlag, Direktoratet for mineralutvikling, Bergen sjøfartsmuseum, Sogn og Fjordane fylkeskommune (no ein del av Vestland fylkeskommune), Per Nistad, Kystverket, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, Arnulf Aasnes, Fiskeridirektoratet, Sunnfjord Energi, Gular kommune, Askvoll kommune og Fjaler kommune.

Alle innspela vi fekk til høyringa er samanfatta under. Alle innspel som vi fekk under høyringa blir sendt samla over til Miljødirektoratet saman med vår tilråding, sjå vedlegg.

5.2 Generelle merknadar

Vi les det slik at Riksantikvaren, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralutvikling, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, BKK Nett AS (tidlegare Sunnfjord Energi), Mattilsynet, Bygstad Utvikling, Tom Kristian Kårstad og M.M. Øvrebø AS v/Kjell Øvrebø ikkje har uttalt seg om området skal vernast eller ikkje.

Vi les det slik at Bergen Sjøfartsmuseum, Ariel Seafoods, Kystverket, Havforskinsinstituttet, Askvoll kommune, Per Nistad og Frode Hjelmeland er positive til eit marint vern av Dalsfjorden.

Vi les det slik at Arnulf Aasnes, fem bebuarar (Ingar Nistad, Margunn Skudal Nistad, Bjørn Nistad, Tone Sævik Øvrebø og John Øvrebø) på vegner av bebuarar på Sveen i Bygstad, Anders Pihl, Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune og Fjaler kommune er negative til eit vern dersom det fører til at det blir vanskelegare å bu og drive næringsverksemd langs Dalsfjorden, eller dersom det fører til at eksisterande prosjekt ikkje kan fullførast.

Vi vil understreke at fleire av dei vi har lista opp som nøytrale eller positive til vern over også har kome med merknadar til korleis verneforslaget bør endrast for at deira behov skal bli tekne betre i vare.

Havforskinsinstituttet stiller seg positiv til å etablere Dalsfjorden marine verneområde, og at meiner det er bra at fjorden kan tene som eit referanseområde for forsking og overvakning.

Arnulf Aasnes er skeptisk til eit marint verneområde i Dalsfjorden fordi det kan gjere utnyttinga av naturressursane vanskelegare i framtida. Dalsfjordområdet har historisk sett vore eit godt utvikla industrimiljø, og Aasnes meiner eit industrimiljø òg har potensial til å blomstre i framtida. Han tek difor til orde for ei fornuftig utnytting av dei naturressursane som er i området, òg er difor oppteken av at det ikkje må koma så mange restriksjonar at det lammar ei vidareutvikling av området.

Bygstad Utvikling, v/ leiar Anne Lilleaasen, ber om at forslag til verneplan ikkje skal ramme utviklinga dei arbeider med å få til i nærmiljørådet. For å kunne ha levedyktige lokalsamfunn er det viktig for dei at verneforskrifta ikkje avgrensar moglegheita for utvikling av friluftsområde. Dette gjeld spesielt utvikling av badeplassar/badeanlegg, og Bygstad Utvikling ber difor om at det skal vere lov med mudring og etablering av faste installasjonar i samanheng med dette. Bygstad Utvikling ber Statsforvaltaren merke seg at områda frå Eidevikja til Sveen inkludert Kappstadvika og området frå Osen gard til Grønehaugen samt Sunde er interessante for utvikling av bade- og friluftsområder. Verneforskrifta bør heller ikkje sette noko stoppar for utvikling av bu-områder eller reise- og næringslivsaktørar i området, til dømes gjennom bygging av småbåtplass, bygging av vassport-senter eller gardsturisme med campingplass eller rorbuer. Bygstad Utvikling er positive til at den føreslegne verneforskrifta vil medføre få eller ingen restriksjonar på noverande bruk av Dalsfjorden. Til slutt ber dei, som Gauldalen kommune, om at det blir gjennomført ei konsekvensutgreiing før eit eventuelt vern blir vedteke.

Fjaler kommune peiker på at vern vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av aktivitetar nær verneområdet. Samstundes vil eit vern gje eit godt vern av dei naturverdiane som er i Dalsfjorden, utan at det påverker den daglege bruken av området for folk flest.

Ingar Nistad, Margunn Skudal Nistad, Bjørn Nistad, Tone Sævik Øvrebø og John Øvrebø sendte eit felles høyringssvar på vegner av bebuarar på Sveen i Bygstad. Her skriv dei at Dalsfjorden er ein fjord med mange kvalitetar, og for at det framleis skal vere attraktivt å bu langs Dalsfjorden må ein kunne nytte seg av fjorden. Då treng ein tilgang på brygge, kaianlegg og moloar med førtøyingsiler som tolar ver og vind. Dette kjem i konflikt med verneforslaget.

I tillegg er det innanfor verneområdet kaianlegg for utskiping av tømmer, sending/mottak av varer, og cruseturisme er viktig for industrien i området. Dei peiker på at det er viktig at ein får halde fram med opprusting og bygging av kaianlegg utan at eit vern kjem i konflikt med dette. Dei skriv også at eit marint vern av fjorden kan og vere til hinder for naudsint oppgradering og utbygging av kraftverk langs med og i fjorden, noko som er uehdig då ein har utfordring med for lite elektrisitet.

Dei ser på vern som negativt og unødvendig, då det lagar fleire føresegner som ikkje er naudsint i ein fjord som er teken godt vare på til no. Difor tilrår dei at eit marint vern av Dalsfjorden ikkje trer i kraft, då dette vil skape ei ulempe for innbyggjarar, og næring langs fjorden.

Kystverket er positive til vern av dei føreslegne områda, og at det er eit generelt unntak frå vernereglane for drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande. Vi er samde om at det framleis skal vere attraktivt å bu og drive med næringsverksemd langs Dalsfjorden. Det vil vere opning i verneforskrifta for å søkje om å etablere flytebryggje, førtøyingsanlegg og tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Vi har også lagt til rette for at kaiene i Kvamen, Skjeret, samt t.d. småbåthamna i Eidevik framleis skal kunne nyttast slik dagens bruk tilseier. I Kvamen opnar verneforskrifta opp for utviding, men vi har i tillegg endra vernegrensa der, etter innspel frå m.a. Fjaler kommune. Det er også opning for at større båtar over 15 meter kan ankre opp i to område i nærliken av Laukelandsfossen og Fosselva. Vi meiner difor at det verneinteresser og brukarinteresser er godt balansert i verneframlegget.

Vi viser også til at det er ein del av verneformålet at dei indre delane av fjorden skal kunne tene som eit referanseområde for forsking og overvakning.

5.3 Kommune- og reguleringsplanar

Sunnfjord kommune informerer om at det i kommunedelplan «Forretning og industri» frå 2012 er opna for småbåthamner og næringsverksemd på fire lokalitetar som ligg i det føreslegne verneområdet. Ei vurdering om desse områda blir vidareført blir gjort i samband med ny arealdel i kommunedelplanen som blir ferdig i 2023. Om ein verneplan blir vedteken før den tid vil det kunne legge føringar for bruken av desse områda. Kommunen ber om at det vert teke omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen.

Vidare ber kommunen om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.

Sunnfjord kommune ber også Statsforvaltaren samarbeide om og ta omsyn til framtidige vedtak i kommunedelplan for fylkesveg 57 (Båtevik – Storehaugen).

Statsforvaltaren tek innspela til vitande, og endrar vernegrensene i Eidevika og Bjørvika for å ta omsyn til pågående arbeid med ny arealdel i kommunedelplanen. Etter dialog med Sunnfjord kommune endra vi ikkje på vernegrensene i Leirvika og i Bjørvikestranda, då kommunen i løpet av høyrengsperioden fekk oppdatert arealplanen og tok disse to områda ut grunna viktige naturverdiar. Vi endrar vernegrensene ved kaianlegget på Sveen i Bygstad, slik at det harmoniserer med kommunedelplanen. For vårt svar til tiltak langs fylkesveg 57 viser vi til svaret vårt til Vestland fylkeskommune i kapittel 5.4.

Fjaler kommune peiker på at vern vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av aktivitetar nær verneområdet, og er oppteke av at vernet vil legge restriksjonar på pågående prosjekt og planarbeid. Kommunen meiner verneprosessen bør koordinerast med planprosessen for kommuneplanen sin arealdel og ta omsyn til næringsområde i Kvamen og utbetring av fylkesveg 57. I Gryvlevika kan det i samband med utbetring av fylkesveg 57 bli behov for omfattande tiltak. Kommunen vurderer at den føreslegne verneforskrifta kan gjere det vanskeleg å få dispensasjon til desse tiltaka. Dei ønskjer difor å justere vernegrensa slik at Gryvlevikja blir helde utanfor.

Statsforvaltaren tek Fjaler kommune sine innspel til vitande, og endrar vernegrensene utanfor tømmerkaia i Kvamen slik at dei går i kant med det som er føreslått som næringsareal i planprosessen for kommuneplanen sin arealdel. For spørsmål knytt til fylkesveg 57 i Gryvlevikja viser vi til svaret vårt på Vestland fylkeskommune sitt høyrengsinnspel i kapittel 5.4.

Askvoll kommune skriv at kommunen ikkje har starta revisjon av arealdelen av kommuneplanen enda, slik det står i høyrengsbrevet. Kommunen peiker og på at noko av innhaldet i kommuneplanen er feiltolka i høyrengsbrevet, der stipla line feilaktig er tolka som småbåtlei.

Statsforvaltaren tek Askvoll kommune sitt innspel til vitande.

Vestland fylkeskommune viser til pågående arbeid med kommunedelplan for strekninga Båtevik – Storehaug.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt til Vestland fylkeskommune i kapittel 5.4.

5.4 Fysiske inngrep og utslepp

Kystverket har nokre merknadar knytt til oppføring, drift, vedlikehald og fjerning av navigasjonsinstallasjonar. Desse er omtalt og svart på i kapittel 5.12.

Vestland fylkeskommune viser til det langsiktige arbeidet fylkeskommunen har gåande for å utbetre vegstandard på strekninga Dale – Storehaugen på fylkesveg 57, og til pågående arbeid med kommunedelplan for strekninga Båtevik – Storehaug. Fylkeskommunen er negative til verneplanen dersom det fører til hindringar knytt til utfylling for vegtrasé i Gryvlevika og bygging av bru over

Svædsundet. Fylkeskommunen legg til grunn at dei vert informert dersom det oppstår interessekonflikt i arbeidet.

I etterkant av folkemøtet på Bygstad den 11. januar 2023 vart det arrangert eit drøftingsmøte om vegløsing ved Gryvlevika, der Vestland fylkeskommune, Fjaler kommune og Statsforvaltaren var til stades. Fylkeskommunen fortalte at dei ved å fylle ut i fjorden i Gryvlevika kan unngå høge skjeringar som er skjemmande i terrenget og unngå å ta innmark. Då vil ein også kunne få ein kurvatur som gjer at fartsgrensa på staden kan vere 80 km/t. Statsforvaltaren peikte på at det er problematisk å bruke fjorden som deponi for overskotsmasser, og at dette alternativet kan ha ein betydeleg påverknad på verneverdiane. Når det er meldt oppstart av verneplanprosess må alle tiltak og aktivitetar i området vurderast som om området er verna.

I møtet foreslo Statsforvaltaren at vegen blir planlagt ut frå ei fartsgrense på 60 km/t, noko som etter vår tolking vil føre til mindre inngrep og krav til slak kurvatur, sjølv om dette vil krevje ein mur langs fjorden inst i Gryvlevika. Samla vil dette kunne redusere belastninga på naturmangfald, verneverdiar, redusere masseoverskotet, minske inngrep på innmark og opne for lågare skjeringar. Det er usikkerheit knytt til botntilhøva i Gryvlevika. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag i den vidare planlegginga av tiltaket blir det gjennomført prøveboringar. På møtet vart det avtalt at Fjaler kommune kallar inn til eit nytt møte når fylkeskommunen får laga skisser på kurvatur og potensielle trasear, mellom anna med ein mur inst i Gryvlevika.

Statsforvaltaren har frå starten av verneprosessen fått innspel frå kommunane om å ha opning for dispensasjon for tiltak i samband med oppgradering av fylkesveg 57. Difor opnar § 5 p i verneforskrifta for at forvalningsstyresmakta, etter søknad, kan gje dispensasjon til tiltak i samband med oppgradering av Fylkesveg 57 langs Dalsfjorden. Naturmangfaldlova §§ 8 – 12 vil bli lagt til grunn i vurderingar av ein dispensasjonssøknad. Terskelen for å gje dispensasjon er lågare jo større samfunnsonytte tiltaket er vurdert til å ha. Dette opnar for at det kan gjerast tiltak i samband med oppgradering av fylkesveg 57 samtidig som ein tek vare på verneverdiane. Dersom det skal gis dispensasjon legg forvalningsstyresmakta til grunn at andre, alternative løysningar er vurdert og utelukka.

Ariel Seafood AS har, i samanheng med kontrollert skjeldyrking, teke vassprøver i Dalsfjorden kvar veke, ti månader i året, sidan 2001. Dei har òg teke skjel-prøver jamleg, for å analysere innhald av tungmetall og liknande. Ariel Seafood har, gjennom den jamlege prøvetakinga, mellom anna registrert at avrenning frå landbruket gjer at det blir mykje E. coli-bakteriar i Dalsfjorden, særleg i periodar på hausten og våren. Vidare skriv Ariel Seafood at dei erfarer at det er mindre fisk i Dalsfjorden no enn tidlegare, og stiller spørsmål om dette er grunna forureining frå land. Ariel Seafood AS er difor positive til verneframlegget, men meiner verneplanen må byggje på aktuell kompetanse, samt eit mål om å byggje opp att Dalsfjorden som eit godt område for friluftsliv og hobbyfiske. For å få til dette meiner dei at arbeidet med å stoppe/redusere tilsig frå land må prioriterast.

Fjaler kommune peiker på at Statsforvaltaren bør legge NIVA sin rapport om resipientkapasiteten i Dalsfjorden til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

Askvoll kommune nemner i sitt høyringsinnspel eit mindre avløpsanlegg (slamskiljar) på ein veglaus plass i Fossevika som i dag blir nytta av ei mindre reiselivsverksemd. Dette anlegget kan vere aktuelt å utvide i framtida, anten grunna fast busetnad eller auka turistverksemd. Kommunen ber difor om at det blir vurdert om det kan opnast for mindre, ureinsa utslepp, eller at det presiserast i verneforskrifta kva som kan opnast for.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande. Vi takkar for informasjonen om prøvetakinga og fiskebestanden i Dalsfjorden. Avrenning frå landbruket vil ikkje bli regulert gjennom verneforskrifta, men dersom slike tiltak kan påverke verneverdiane i det marine verneområdet skal det takast omsyn til dette i vurderinga om eventuelle løyve til tiltak, sjá naturmangfaldlova § 49. Vidare gjeld aktsemplikt i naturmangfaldlova § 6 for tiltak som ikkje krev løyve.

I § 3 bokstav c i verneforskrifta heiter det at området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane, som til dømes utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining. Drift og vedlikehald av eksisterande vass- og avlaupsledningar blir ikkje påverka av verneforskrifta. Etter tilråding til verneforskrift § 5 bokstav d kan forvaltningsmyndigkeit gje løyve til utlegging av nye leidningar for utslepp av reinska kloakk i samsvar med andre lover og forskrifter. Forureiningsmyndigheten skal ta omsyn til resipientkapasiteten i Dalsfjorden når dei gir utsleppsløyve etter gjeldande forureiningsregelverk. I naturmangfaldlova § 49 står det at dersom verksemd som treng tillatelse etter anna lov kan verke inn på verneverdiene i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane bli tillagt vekt ved avgjerdsla av om tillatelse skal bli gitt, og ved fastsetjing av vilkår. Dette vil også vere relevant for Dalsfjorden dersom området blir verna.

Vi viser også til våre kommentarar til Sunnfjord kommune sitt høyringsinnspel i kapittel 5.12.

Sunnfjord kommune skriv at dei ønskjer å greie ut nye reinsekrav for Dalsfjorden. Kommunen fortel også at Avinor har eit midlertidig løyve til å sleppe ut glykolhaldig snø frå flyplassen på Bringeland, og ber Statsforvaltaren sjekke varigheit, samt vilkåra, for dette løyvet.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. I utsleppsløyvet heiter det at «Oppsamla glykolhaldig overvatn skal transporterast og sleppast på Gaula kommune sin utsleppsledning (etter reinseanlegget) med utslepp i sjøresipient (Dalsfjorden). Det glykolholdige overvatnet må førast ut på ein slik måte at innblandinga i vassmassane vert best mogleg». Utsleppsløyvet er gyldig fram til det eventuelt blir endra.

5.5 Fiske og akvakultur

Sunnfjord kommune peiker på eit innspel til oppstartsmeldinga om at fisketurismen i Dalsfjorden kanskje ikkje er berekraftig. Kommunen ber Statsforvaltaren vurdere å kartlegge omfanget av fisketurismen, samt påverknaden denne kan ha på det føreslegne verneområdet. Sunnfjord

commune kjenner ikkje til at det vert nytta fiskereiskap som påverkar botn i det føreslegne verneområdet. Dette inkluderer òg taretråling og reketråling.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Vi viser også til svaret vårt på Havforskiningsinstituttet sitt innspel i kapittel 5.12.

Havforskningsinstituttet ønskjer ikkje at verneforskrifta opnar for jakt, fangst og fiskeri i det føreslegne marine verneområdet. Å stengje for dette vil vere i tråd med føremålet om «å verne norsk natur for kommande generasjonar» Dette baserer dei på nyare kunnskap om marine verneområde som seier at det er viktig å innføre eit strengt vern mot menneskelege aktivitetar som fiske for å oppnå ein god effekt av det marine verneområdet.

Statsforvaltaren viser til svaret på Havforskningsinstituttet sitt innspel i kapittel 5.12.

Mattilsynet informerer om at Dalsfjorden er ein nasjonal laksefjord, noko som legg føringar for etablering og drift av akvakulturanlegg. Det er òg to skjell-lokalitetar i verneområdet som er basert på naturleg påslag, noko som gjer at det ikkje vil bli utsett biologisk materiale frå andre område i desse anlegga utan løyve frå Mattilsynet.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

Ariel Seafoods skriv at verneplanen ikkje må få ei slik utforming at den hindrar utnytting av fjorden til næringsverksemd, så lenge denne verksemda ikkje forureinar fjorden eller øydelegg miljøet for dei dokumenterte verneverdiane.

Statsforvaltaren takkar for innspelet. Vi viser til at det i tilråding til verneforskrifta § 5 bokstav m opnast det for at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gje dispensasjon til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet.

5.6 Hamner, naust, bryggjer og iler

Sunnfjord kommune viser i si høyringsuttale til at det i kommunedelplan «Forretning og industri» frå 2012 er opna for småbåthamner og næringsverksemd på nokre lokalitetar som ligg i det føreslegne verneområdet. Ei vurdering av om desse områda blir vidareført vil bli gjort i samband med ny arealdel i kommunedelplanen som blir ferdig i 2023, og ein eventuelt vedteken verneplan før den tid vil kunne legge føringar for bruken av disse.

Kommunen peiker også på at det ligg ei brygge tilknytt den Trondheimske postveg i Svædsundet. Kommunen reknar med at vernet ikkje vil påverke denne, både fordi bryggja stort sett ligg innanfor djupnekote 2 meter under sjøkartnull, og fordi det er unntak i vernereglane for vedlikehald av brygger.

Statsforvaltaren tek innspelet om brygga tilknytt den Trondheimske postveg til vitande, og er samd i Sunnfjord kommune sine vurderingar om at eit marint vern av Dalsfjorden ikkje vil påverke bruk og vedlikehald av denne. For spørsmål knytt til Sunnfjord kommune sin arealdel viser vi til vårt svart til Sunnfjord kommune i kapittel 5.3.

Askvoll kommune ønskjer ei avklaring på kvifor verneforskrifta omtalar bølgjedemparar i forbindelse med småbåtanlegg og småbåthamner medrekna m.a. flytebrygger og fortøyning i to ulike punkt, samt på om ein i verneforskrifta skil mellom småbåthamner og småbåtanlegg.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt til Askvoll kommune i kapittel 5.12.

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om dette ikkje blir gjort, ber Fjaler kommune Statsforvaltaren om å konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke dei framtidige næringsareaala.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt til Fjaler kommune i kapittel 5.3.

Frode Hjelmeland er positiv til at fjorden vert verna mot inngrep som kan skade fjorden. Han fortel at lastekaia på Skjeret i Bjørvika tek imot lastebåtar på inntil 120 meters lengde og 19 meters breidd. Båtane flytter seg langsmed den 19 meter lange kaia under lossing. Båtane blir forankra mot kaifronten og mot det utstikkande skjeret aust for kaia. I tillegg forankrar lastebåtane seg med anker til sjøbotn i front og bak på båten. Forankringa mot sjøbotn skjer maksimalt 80 meter frå nordvestleg kaikant, og maksimalt 80 meter frå nord-austleg kaikant. I tillegg vart ei flytebrygge med 13 båtplassar ferdigstilt sommaren 2021. Denne ligg sør-vest for kaifronten.

Hjelmeland ber om at vernegrensa ved Skjeret blir trekt slik at aktivitet i samband med kaianlegget ikkje blir påverka. Han ber også om å få same behandling som småbåthamna i Eidevik fekk. I Eidevik vart vernegrensa flytta kant i kant med grensene i arealplanen som gjeld småbåthamna. Til slutt peikar han på at verneforskriftene ikkje må vere til hinder for å etablere varmepumpe med sjøleidning som kjelde for varmefangst.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt til Hjelmeland i kapittel 5.7 for ferdsel med fartøy til kai ved Skjeret. For legging av sjøleidning i samband med etablering av varmepumpe opnar verneforskrifta for å kunne gje dispensasjon for dette etter søknad, sjå verneforskrifta § 5 b. Vi endrar også vernegrensa rundt hamna slik at den eksisterande flytebrygga blir liggjande utanfor verneområdet.

M.M. Øvrebø AS v/Kjell Øvrebø fortel at dei har planar om å utvide kai-området ved Sveen kai. I den forbindelse vil dei ha vekk ein fjellknaus, og steinmassene vil dei legge i sjø i forlenginga av dagens kai. Egedommen er regulert til industriområde. Sveen kai er ISPS-godkjent av Kystverket, og det er skipsanløp der kvar veke.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Dei føreslegne vernegrensene går utanfor området som er regulert i arealdelen i kommunedelplanen til Sunnfjord kommune, og utanfor det området som er føreslått regulert til industriområde i arealdelen av kommunedelplanen som er på høyring. Sunnfjord kommune vil vurdere ei slik sak etter anna sektorlovverk.

Tom Kristian Kårstad skriv at eit vern av Dalsfjorden vil hindre han og andre private/gardbrukarar å anleggje iler og flytebrygger, sidan vernegrensa vil gå nære land dei fleste plassar. Som grunneigar i område utan flytebrygge/ile vil han få problem med å ikkje påverke sjøbotn lengre ut enn 2 meters djupne. Vernet vil dermed redusere mogelegheita for båt og fiske på garden hans. Han foreslår difor at flytebrygge og ile ikkje bør bli regulert av verneforskrifta.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Tiltråding til verneforskrifta opnar i § 5 bokstav j for at det kan søkjast om å gjere tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk. Det kan også søkjast om å etablere flytebrygger i verneområdet, sjå tilrådinga til verneforskrift § 5 bokstav f. For iler vurderer vi at dette blir omfatta av reglane for fiske, sjå omtale av fiske og friluftsliv.

Ingar Nistad, Margunn Skudal Nistad, Bjørn Nistad, Tone Sævik Øvrebø og John Øvrebø sendte eit felles høyringssvar på vegner av bebuarar på Sveen i Bygstad. Her skriv dei at Dalsfjorden er ein fjord med mange kvalitetar, og for at det framleis skal vere attraktivt å bu langs Dalsfjorden må ein kunne nytte seg av fjorden. Då treng ein tilgang på brygge, kaianlegg og moloar med fortøyingsiler som tollar ver og vind. Dette kjem i konflikt med verneforslaget. I tillegg er det innanfor verneområdet kaianlegg for utskiping av tømmer, sending/mottak av varer, og cruiseturisme er viktig for industrien i området. Dei peiker på at det er viktig at ein får halde fram med opprusting og bygging av kaianlegg utan at eit vern kjem i konflikt med dette.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Vi viser til svaret vårt i kapittel 5.2.

5.7 Ankring

Anders Pihl eig den veglause husmannsplassen Fosseviken, som ligg i nærleiken av bruva over Dalsfjorden. Han informerer om at Fosseviken (omtalt som Fossvika på kart) i dag blir brukt til å ta imot turistar som kjem med yachtar. Yachtane må ankre opp ein stad, og Pihl er bekymra for at eit eventuelt vern av Dalsfjorden gjer at oppankringa vil bli ulovleg.

Sunnfjord kommune støttar forslaget om ein ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av båtar større enn 15 meter som tek omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.

Kystverket er uroa for eit generelt ankringsforbod i marine verneområde. Dei anmodar i si tilleggsuttale til høyringa om at det skal vere lov med ankring innanfor to avmerkte område; eit i Røvika og eit i Fossvika. Bakrunnen for dette er at dei ventar at trafikken i Dalsfjorden vil auke, særleg knytt til turistattraksjonen Laukelandsfossen. Også anna trafikk i Dalsfjorden vil kunne ha behov for gode ankringsområde. Kystverket peiker også på at det å merke av to ankringsområde i sjøkart vil redusere omfanget av meir tilfeldig ankring, noko som kan ha ei positiv effekt på det marine botnmiljøet i Dalsfjorden.

Frode Hjelmeland er positiv til at Dalsfjorden blir verna mot inngrep som kan skade fjorden. Han fortel vidare at skip opp til 120 meters lengde legg til kai/lossar ved kaia på Skjeret i Bjørvika. Når desse skipa lossar ankrar dei opp både mot kaifronten, eit fast ankringspunkt på land, og mot

sjøbotnen framføre og bak på skipet. Ankringa framføre og bak skipet vil gå føre seg innanfor inntil 80 meter innanfor dei føreslegne vernegrensene. Hjelmeland ber difor om at vernegrensene blir trekt slik at aktiviteten ved kaia ikkje blir påverka av vernereglane.

Statsforvaltaren tek disse innspela til etterretning og har tilpassa både forskrift og kart så langt det let seg gjere. Vi ser at det er eit behov for gode ankringsområde i Dalsfjorden, også for fartøy større enn 15 meter. Båtar under 15 meter er definert som småbåtar jf. § 1 i småbåtforskrifta, og er difor ikkje omfatta av ankringsforbodet. I mai 2018 vart botn av Dalsfjorden kartlagt langs 10 transekt av Rådgivande Biologar. Det eine transekten gjekk rett over det føreslegne ankringsområdet i Røvika, og eit transekt vart kartlagt i nærleiken av Fossvika. Langs desse to transekta vart det ikkje registrert førekomstar av korallar. Med bakgrunn i den kunnskapen vi har no, vurderer vi at naturverdiane på botn i Fossvika og Røvika er av ein slik karakter at vi kan opne opp for ankring i desse to områda. Desse to områda blir difor merkt i vernekartet, og § 4 bokstav b opnar for ankring innanfor dei merkte områda. Vi har lagt inn ei opning i verneforskrifta (§ 5 bokstav h) for å sikre at fartøy større enn 15 meter kan søkje om å ankre opp andre stader i Dalsfjorden marine verneområde enn Fossvika og Røvika. Her vil det vere viktig kva kunnskap vi har om botnforholda før forvaltningsmyndigheita vurderer eit eventuelt løyve.

For kaia på Skjeret i Bjørvika vil vi legge inn ei generell opning i verneforskrifta slik at ankring innanfor verneområdet i samband med anløp, lasting og lossing ved denne kaia vil vere lov.

Kartlegginga som er nemnt over omfatta sju område med mogleg førekomst av viktig marint naturmangfald. Det vart mellom anna påvist to område med naturtypen blautbotnsområde i strandsona som vart kategorisert som lokalt viktig. Det var også påvist restar av vanleg sandskjel (VU, sårbar) fleire stadar, samt tette førekomstar av begerkorall ved Bjørsvika og fleire andre djupare område. Elles var vart det påvist lågt artsmangfald, noko som er typisk for ferskvasspåverka fjordar (rapport nr 2801, Haugsøen og Eilertsen 2019). Omsynet til naturmangfaldet i grunne område gjer at det er trong for å kunne vurdere den konkrete plasseringa av faste fortøyingsanlegg for småbåt. På denne måten kan vi sikre at ankringspunkt vert plassert i område kor viktige verneverdiar ikkje vert råka. Retningsliner for lokalisering og handsaminga av søkerader om slike fortøyingsanlegg må inngå i forvaltningsplanen for Dalsfjorden marine verneområde.

5.8 Kulturminne

Riksantikvaren viser til at Fylkeskommunen er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker, og handsamar difor ikkje denne saka.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

Bergen sjøfartsmuseum skriv at dei kjenner til marine kulturminne innanfor planlagd verneområde på Stad. Museet er positive til marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Det kan være aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i samband med planarbeid eller tiltak i framtida.

Statsforvaltaren ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida. Vi har ikkje motteke innspele frå Fylkeskommunen som gjeld kulturminne.

5.9 Verneverdiar

Per Nistad fortel at det, etter at han sendte inn ei liste over fiskeartar i Dalsfjorden i 2017, har kome til to nye artar: ein sanktpetersfisk som vart teke på garn rundt 2020, og ei sjørøye som vart teke på sluk i juni 2021. Svarthå, som han har fått eit par gonger, stod heller ikkje på lista. I tillegg har han fått informasjon om at det vart fiska ein stripa pelamide i Bygstad i 2017, men denne arten står på lista frå 2017. Hausten 2022 fekk han hummar ved Sunde. Han har også fått følgjande artar som bifangst i krepseteina: stankelbeinkrappe, pyntekrabbe, vanleg svømmekrabbe, anemone-eremittkreps og sjøkjeks.

Statsforvaltaren takkar for informasjonen og tek den til vitande. Det rike artsmangfaldet i Dalsfjorden er omtalt i verneformålet i verneforskrifta, mellom anna at det er mange fiskeartar. Vi har oppmoda Per Nistad om å registrere artane på databasen Dugnad for havet, slik at artsmangfaldet er registrert i offentleg tilgjengelege databasar.

Askvoll kommune meiner det er bra at verneforslaget gir vern til naturverdiane utan ein stor innverknad på den daglege bruken av området for folk flest.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

5.10 Forvaltningsstyremakt

Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvaltningsplan etter vernevedtak. Ein slike forvaltningsplan bør klargjere verneforskrifta og tydeleggjere føringar for handsaming av tiltak i verneområdet. Her er det viktig at forvaltninga legg vekt på at vernet ikkje skal legge avgrensingar på framtidssretta utvikling i området. Sunnfjord kommune vil delta aktivt i utarbeidingsa av forvaltningsplanen. Dei tilrår at det blir oppretta eit verneområdestyre med politiske representantar frå kvar av kommunane.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Verneforskrifta sin § 8 slår fast at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet.

I høyringsperioden har det vore løfta fram ulike modellar for forvaltning av eit framtidig verneområde i Dalsfjorden. Ei liknande ordning som norske nasjonalparkar i dag har, med interkommunale forvaltingsstyre og eigne forvaltarar, kan være aktuelt om forholda ligg til rette for det. Vi har gode røynsler med interkommunale forvaltingsstyre for nasjonalparkar og store landskapsvernområde, og er open for at ei liknande ordning kan fungere også for marine verneområde. Nyleg er det bestemt at Lophavet marine verneområde, som det største marine verneområdet i landet, skal bli forvalta av eit oppnemt styre. I verneområdestyret skal kommunane, fylkeskommunen og Sametinget delta, og ha ein lokalt tilsett verneområdeforvaltar. Eit verneområdestyre etter denne modellen bør bli oppretta for Dalsfjorden marine verneområde.

5.11 Avgrensing av området

Sunnfjord kommune meiner det kan vere fleire grunne område, som ikkje er fanga opp i verneforskrifta, som potensielt kan vere verdifulle.

I ei tilleggsuttale ber Sunnfjord kommune om at det vert teke omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen. Vidare ber dei om at verneområdegrense vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørviksstranda som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt på Sunnfjord kommune sine innspel i kapittel 5.3.

Askvoll kommune ser positivt på avgrensinga av det føreslegne verneområdet, og intensjonane bak verneområdet og verneforskrifta.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

Fjaler kommune meiner verneprosessen bør koordinerast med planprosessen for kommuneplanen sin arealdel og ta omsyn til næringsområde i Kvamen og utbetring av fv. 57. I Grylevikja kan det i samband med utbetring av fv. 57 bli behov for omfattande tiltak, som kommunen vurderer at verneforskrifta kan gjere det vanskeleg å få dispensasjon til. Difor ønskjer dei at vernegrensa blir justert slik at Grylevikja blir helde utanfor.

Fjaler kommune ber også *Statsforvaltaren* vurdere konsekvensane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om dette ikkje blir gjort, ber Fjaler kommune *Statsforvaltaren* om å konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke dei framtidige næringsareala.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt på Fjaler kommune sitt innspel i kapittel 5.3.

Frode Hjelmeland ber om at vernegrensa ved Skjeret i Bjørviksstranda blir trekt slik at aktivitet i samband med kaianlegget ikkje blir påverka. Han ber også om å få same behandling som småbåthamna i Eidevik fekk. I Eidevik vart vernegrensa flytta utanfor småbåthamna.

Statsforvaltaren viser til svaret vårt til Frode Hjelmeland i kapittel 5.7.

5.12 Verneforskrifta

I dette punktet viser vi til paragrafane slik dei går fram av forslaget som vart sendt ut på høyring. Då vil omtale av paragrafane samsvere med dei uttalane me refererer. I forslag til tilråding om verneforskrift er nokre av paragrafane endra, sjå punkt 3.2.

Sunnfjord kommune peiker på at store deler av verneområdegrensa i Sunnfjord ikkje går langs djupnekote 2 meter under sjøkartnull, då det er mange grunne område i Sunnfjord-delen av det føreslegne verneområdet, der grensa er trekt lenger mot land. Sunnfjord kommune meiner dette burde komme tydlegare fram, både i verneforskrifta og i høyringa.

Kommunen ønskjer vidare at kommunale vass- og avlaupsleidningar vert inkludert i dei generelle unntaka i verneforskrifta § 4 bokstav i og l, slik at dei same reglane gjeld for desse som for sjøkablar. I tillegg saknar dei omtale av sanering i verneforskrifta § 4 bokstav l. Kommunen ber også om at det blir presisert i verneforskrifta kva tid det generelle unntaket frå vernereglane for vedlikehaldsmudring gjeld (§ 4 bokstav k), og kva tid ein må ha dispensasjon for mudring (§ 5 bokstav g), då dette kan vere uklart.

I ei tilleggsuttale viser kommunen til at det er viktig å finne ei løysing som tek omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene når det gjeld forankring av båtar over enn 15 meter, og støttar forslaget om ein dispensasjonsheimel i verneforskrifta for dette.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande og viser til endringar i verneforskrifta i vår tilråding. I forskrifta § 2 presiserer vi no at verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området, unntatt der verneområdet grensar til dei nærmere fastsette eigedomane nemnt i tredje til femte ledd i føresegna. Dette vil òg gå fram av vernekartet. For å lette forståinga av korleis verneområdet er avgrensa, føreslår vi også nokre fleire justeringar av verneforskrifta § 2.

Når det gjeld drift- og vedlikehald av kommunale vass- og avlaupsleidningar, fell dette inn under § 4 bokstav j. For å klargjere dette legg vi inn vass- og avlaupsleidningar som døme på eksisterande anlegg og innretningar. Det er vidare ope for å søkje dispensasjon for å leggje nye vann- og avlaupsleidningar med løyve til utslepp av reinska kloakk etter verneforskrifta § 5 bokstav h. Dette gjer at vi kan balansere behovet for nye tiltak opp mot verneverdiane i området. Vi ser at formuleringa ikkje er tilstrekkeleg tydeleg på at også sjølve utsleppet av reinska kloakk er omfatta av føresegna, og føreslår derfor ei presisering av ordlyden, sjå punkt 3.2.

Formuleringa i § 4 bokstav l om oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar er eit standard unntak som gjeld i fleire marine verneområde. Det er i utgangspunktet ikkje forbod mot å fjerne tiltak, som til dømes sjøkablar som ikkje er i bruk. Dersom det er naudsynt å gjere ulike inngrep i samband med saneringstiltaket, kan dette verte råka av forbodet mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane, sjå verneforskrifta § 3 første ledd bokstav c. Slik sett kunne det kanskje vere høveleg å leggje til sanering i tillegg til oppgradering og fornying for å synleggjere dette tiltaket. Vi føreslår likevel ikkje å endra føresegna i denne omgang, då vi ikkje er kjent med at dette er ein aktuell problemstilling i verneområdet. Vi legg i vurderinga vekt på omsynet til verdien av å ha like verneregler for dei tema der ikkje særlege lokale tilhøve gir grunn for å ha særegne unnatak frå vernereglane. I følgje verneforskrifta § 7 kan forvalningsstyresmakta eller den som forvalningsstyresmakta bestemmer setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet. Sanering vil i mange tilfelle bidra til å betre naturtilstanden, og difor vil § 7 kunne nyttast der. Ein eventuell søknad om sanering vil også kunne verte vurdert etter naturmangfaldlova § 48.

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting og skjøtsel, jf. verneforskrifta § 8. Her vil det vere naturleg å omtala tilhøvet mellom det generelle unntaket frå vernereglane for vedlikehaldsmudring og høve til å søkje dispensasjon for mudring. Vi føreslår difor ikkje endring av verneforskrifta på desse punkta.

Vi har vidare lagt inn to ankringsområde i føresegna som omtalar dei generelle unntaka frå vernereglane, sjå § 4 bokstav b og punkt 5.7 der dette er nærmere omtalt. I tillegg er det lagt til opning for å søkje om løyve til forankring av båtar og andre fartøy større enn 15 meter. Ut over dette gir verneforskrifta høve til å kunne gje løyve til tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane nemneverdig, jf. verneforskrifta § 5 bokstav f. Gitt dei konkret omstenda vil dette kunne omfatta eit tiltak for å forankra båtar over enn 15 meter.

Askvoll kommune viser til avgrensinga av det føreslegne verneområdet i verneforskrifta § 2.

Kommunen meiner denne bør presiserast slik at det blir meir tydeleg kvar grensene følgjer djupnekote 2 meter under sjøkartnull, og kvar den går i grunnare område. Særleg ber dei om ei presisering av kva som fell inn under «indre delar av Dalsfjorden».

Kommunen peiker på at det er trong for å presisere kva som skil verneforskrifta § 4 bokstav b og g som begge regulerer fortøyning og oppankring av båt. Dei meiner òg det bør leggast til røyrleidningar under § 4 bokstav i, slik at det og er unntak for drift og vedlikehald av desse. Kommunen ønskjer vidare ei presisering av § 4 bokstav m om utslepp av reinska kloakk, og kva som fell inn under dette.

Askvoll kommune ønskjer ei avklaring på kvifor verneforskrifta omtalar bølgjedemparar i forbindelse med småbåtanlegg i § 5 bokstav k og ikkje under § 5 bokstav e som gjeld småbåthamner medrekna m.a. flytebrygger og fortøyning. Dei stiller også spørsmål om verneforskrifta skil mellom småbåthamner og småbåtanlegg.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande og viser til endringane vi har gjort i verneforskrifta i vår tilråding. Når det gjeld innspela til verneforskrifta § 2 om å presisere avgrensinga av verneområdet, har vi føreslått endringar som vi meiner vil gjere dette meir tydeleg, sjå omtale over. Når det gjeld formuleringane kring fortøyning og oppankring av båt har vi også føreslått endringar for å presisere føresegne. I tillegg kan dette vere eit tema som kan konkretiserast nærmere gjennom forvaltingsplanen. Røyrleidningar fell inn under § 4 bokstav j, sjå omtale over. Når det gjeld verneforskrifta § 4 bokstav m, føreslår vi at denne vert tatt ut av verneforskrifta fordi utslepp av reinska kloakk er omfatta av verneforskrifta § 4 bokstav j gjennom formuleringa «*drift*» av eksisterande anlegg. Vidare kan forvaltingsplanen gje nærmere konkretiseringar og avklaringar kring drift av avlaupsanlegg. Når det gjeld innspela knytt til høve til å søkje om dispensasjon for tiltak for bølgjedemparar og småbåthamn/småbåtanlegg, har vi føreslått presiseringar for å klargjere føresegne. Vi føreslår også å flytte bokstav k som gjeld bølgjedemparar, slik at den følgjer like etter føresegna om småbåtanlegg.

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren spesifisere kva som meinast med forslag til verneforskrift § 4 bokstav m som handlar om utslepp av reinska kloakk, og § 5 bokstav h som handlar om dispensasjon til nye leidningar for utslepp av reinska kloakk.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande og viser til endringar i verneforskrifta i vår tilråding. Vi viser til omtale over når det gjeld verneforskrifta § 4 bokstav m. Det er etter § 5 bokstav h høve til å søkje om å leggje ut nye kloakkrøyr med løyve til utslepp av reinska kloakk, medan utslepp i samsvar med

gjeldande regelverk er omfatta av § 4 bokstav j, som gjeld «drift» av eksisterande anlegg og innretningar.

Kystverket har innspel til verneforskrifta § 5 bokstav a, der det er opna for at ein kan søkje om dispensasjon for oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjoner. Kystverket meiner at det bør vere eit generelt unntak frå vernereglane for dette, slik at det ikkje ligg til forvalningsstyresmakta å vurdere om ei naudsynt navigasjonsinnretning kan bli etablert eller ikkje. Dei viser til at det er Kystverket som har ansvaret for å vurdere om de er trong for å etablere nye navigasjonsinnretningar i farvatnet, jf. hamne- og farvasslova § 10. Det bør difor vere eit generelt unntak for fjerning, nyetablering og endring av både navigasjonsinnretningar og farvasskilt, då dette kan vere med på å redusere risikoen for uhell i eit slikt sårbart område. Kystverket føreslår på bakgrunn av dette følgjande ordlyd i verneforskrifta § 4 bokstav h: (Generelle unntak frå vernereglane) Oppføring, fjerning, drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar og farvass-skilt.

Statsforvaltaren viser til at det i den føreslegne verneføreskrifta er mogleg å søkje om dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjoner og andre farleitiltak for å trygge ferdslle til sjøs (§ 5 a). Ved å nytte dispensasjon framføre eit generelt unntak, oppnår vi at det er mogleg å etablere naudsynte navigasjonsinstallasjoner for å redusere risikoen for uhell i verneområdet, samstundes som vi kan setje vilkår om best mogeleg driftsmetode, jamfør naturmangfaldlova § 12. Til dømes kan aktuelle vilkår være tidspunkt for anleggsarbeid, trasé for eventuelle kablar, eller liknande relevante vilkår. Vi viser elles til dialog på direktoratsnivå, der ein har blitt samde om slike standardformuleringar.

BKK Nett AS, tidlegare Sunnfjord Energi, peiker på at eit eventuelt vernevedtak ikkje bør gjere det vanskelegare med vedlikehald av deira nettkomponentar. Inspeksjon, ombygging, drift og utbetring av feil bør òg kunne utførast utan større hindringar i verneområdet. Dette gjeld òg framtidige nettanlegg. BKK Nett AS registerer også at eventuelle framtidige behov for erstatning av eksisterande luftspenn med sjøkabel er ivaretakne gjennom den føreslegne verneforskrifta § 4 bokstav i og l, samt § 5 b. I tillegg informerer BKK Nett AS om at dei har starta ein prosess for å vurdere om luftspennet Nistad – Kleppe bør bli erstatta av sjøkabel på strekninga Halsnes – Sunde.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande.

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) er positiv til eit generelt unntak i verneforskrifta for drift, vedlikehald og fornying av eksisterande sjøkablar samt naudsynte reparasjonar av sjøkablar ved akutt utfall i verneforskrifta § 4 bokstav i og l. NVE er òg positiv til at § 5 bokstav b opnar for at det etter søknad kan gis dispensasjon for legging av kablar og røyrleidningar. NVE ber om at § 4 bokstav i og § 5 bokstav b vert endra slik at føresegna òg gjeld luftliner, då arbeid med desse vil kunne krevje ferdsel i verneområdet.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande. Eit marint verneområde vil ikkje avgrense ferdsel med båt, bruk av dronar, konstruksjonar på land eller anna som kan hindre montering av eit luftspenn over Dalsfjorden.

Havforskinginstituttet tilrår at verneforskrifta ikkje opnar for jakt, fangst og fiskeri i området. Dette vil vere i tråd med føremålet «å verne norsk natur for komande generasjonar». Dette baserer dei på nyare kunnskap om marine verneområde som seier at det er viktig å innføre eit strengt vern mot menneskelege aktivitetar, som fiske, for å oppnå ein god effekt av det marine verneområdet.

Statsforvaltaren viser til verneforskrifta § 3 bokstav b, som slår fast at dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utgangspunktet i naturmangfaldlova er at restriksjonane i eit marint verneområde ikkje skal vere strengare enn det som er naudsynt ut i frå omsynet til verneverdiane og føremålet med vernet (Ot. Prp. Nr. 52 (2008-2009), s. 222 og 417). I tillegg er det fastsett at innafor ramma av verneforskrifta er hausting og anna utnytting av viltlevande marine ressursar regulert etter havressurslova, jf. naturmangfaldlova § 39 sjette ledd. Verneforskrifta set i § 4 bokstav c, forbod mot hausting av skjel og vegetasjon, men ut over dette er jakt, fangst og fiske i samsvar med praksis for marine verneområde regulert gjennom sektorlovgivinga jf. verneforskrifta § 4 bokstav c, d, e og f.

Det er ein føresetnad at havressurslova og lakse- og innlandsfisklova regulerer fiske innanfor berekraftige rammer. Å endre forskrifta slik at det vert forbod mot jakt, fangst og fiske, vil i tilfelle gå ut over dei rammene i oppdraget som Fylkesmannen, seinare Statsforvaltaren har fått. Det vil også vere ei vesentleg endring som i tilfelle vil utløyse ei ny høyring av verneforskrifta. Vi merkar oss Havforskinginstituttets innspel om at det generelle forskingsbaserte kunnskapsgrunnlaget tilseier at det er naudsynt å innføre strengt eller fullt vern mot menneskelege aktivitetar, medrekna fiske, for å oppnå positivt utbytte av innsatsen med å opprette et marint verneområde. Verneføremålet for Dalsfjorden marine verneområde, sett opp mot innretninga til marint vern etter naturmangfaldlova, gir i dag ikkje grunnlag for ei meir restriktiv regulering av jakt, fangst og fiske. Dersom kartleggingar og erfaring med vernet på eit seinare tidspunkt tilseier meir restriktiv regulering, må det vurderast å føreslå endring av forskrifta på desse punkta. Dette vil i så fall krevje ei ny og vesentleg strengare stortingsmelding som ramme for marint vern i Noreg.

Bygstad Utvikling, v/ leiar Anne Lilleasen, viser til at omsynet til levedyktige lokalsamfunn gjer at det er viktig at verneforskrifta ikkje avgrensar moglegheita for utvikling av friluftsområde. Dette gjeld spesielt utvikling av badeplassar/badeanlegg, og dei ber difor om at det skal vere lov med mudring og etablering av faste installasjonar i samband med friluftsliv og rekreasjon.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande og viser til at verneforskrifta § 5 bokstav d opnar for å søkje om tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Det er også høve til å søkje om dispensasjon for tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, jf. verneforskrifta § 5 bokstav g.

5.13 Oppsummering av merknadane

Samla sett har det ikkje kome innspel i høyringsrunden som tilseier at det er trøng for å gjere vesentlege innhaldsmessige endringar i verneforskrifta. På bakgrunn av verneprosessen og høyringa meiner vi likevel at det er trøng for nokre mindre endringar når det gjeld ankring og fortøyning av båtar for å balansere omsynet mellom bruk og vern.

Høyringa har vist at det er naudsynt å gjere den geografiske avgrensinga av verneområdet tydelegare, vi rår difor til å gjere nokre endringar i verneforskrifta § 2. Vi føreslår også nokre

presiseringar og endringar for å få føremålet med vernet tydelegare frem, og for å få betre samanheng både i sjølve verneforskrifta og opp mot dei sist vedtekne verneforskrifter med tilsvarende restriksjonsnivå. Dei konkrete endringane er nærmere omtalt i kapittel 3.2.

6 Vårt framlegg til forskrift for Dalsfjorden marine verneområde

Forskrift om vern av Dalsfjorden marine verneområde, Sunnfjord, Fjaler og Askvoll kommunar i Vestland fylke

Heimel: Fastsett ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (Føremål)

Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma og representativ fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider. I Dalsfjorden er det sjeldan og sårbar natur som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi, både biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.

Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvasstilførsel og artsrike hardbotnsamfunn med eit nasjonalt verdfullt estuarområde inst i fjorden. Dalsfjorden er eit viktig oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

§ 2. (Geografisk avgrensing)

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.20xx.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 10,7 km². Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der:

- Grensene er trekt utanom hamner og annan infrastruktur.
- Vernet grenser inntil Osen naturreservat og Holmelidholmen naturreservat; det marine verneområdet har felles grense med disse naturreservata i sjø.
- Ved eigedomane nemnt i tredje ledd, der også heile eller delar av landarealet i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.

Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Det marine verneområdet omfattar følgjande gnr./bnr.:

- Askvoll kommune: 259/3
- Fjaler kommune: 52/1, 52/2, 53/1, 54/1, 55/1, 55/2, 56/1, 56/2, 56/3, 56/4, 56/5, 57/2, 57/5.
- Sunnfjord kommune: 230/1, 230/2, 230/3, 230/4, 230/5, 230/14, 231/1, 231/2, 231/3, 231/5, 232/1, 232/3, 232/4, 232/5, 232/6, 233/3, 233/4, 233/5, 233/13, 229/1, 229/2, 229/3, 229/5, 229/8, 222/5, 222/8, 222/14, 195/1, 195/3, 195/6, 195/10, 195/11, 195/12, 193/1, 187/1, 187/2, 187/3, 187/4, 187/5, 187/6.

§ 3. (Verneregler)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande verneregler gjeld:

- a) Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.
- c) Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre koncentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode.

§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern, rednings- og oppsynsverksemd (ikkje øvingsverksemd), samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.
- b. Ankring i område i Fossvika og Røvik som er markert i vernekartet, og ankring i samband med anløp, lasting og lossing ved eksisterande kai på Skjeret i Bjørvika.
- c. Hausting av villevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak for hausting av skjel og hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.
- d. Tradisjonell låssetjing av fisk.
- e. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.
- f. Jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter.
- g. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og ankring mot land for småbåt.

- h. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.
- i. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
- j. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, vegar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.
- k. Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.
- l. Vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust.

§ 5. (*Spesifiserte dispensasjonsreglar*)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs.
- b. Legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.
- c. Oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.
- d. Legging av nye kloakkleidningar og utslepp av reinska kloakk i samsvar med gjeldande lovverk.
- e. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
- f. Småbåtanlegg, medrekna flytebrygger og fortøyningar, og anlegg av mindre fartøysfeste for småbåt som fastfortøyning og dragfortøyning. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
- g. Bølgjedemparar i samband med småbåtanlegg.
- h. Ankring av båt eller andre fartøy større enn 15 meter.
- i. Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.
- j. Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk.
- k. Mindre uttak av sand til eige bruk for grunneigar
- l. Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
- m. Akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet.
- n. Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker.
- o. Uttak av framande, introduserte artar.
- p. Utviding av eksisterande tømmerkai i Kvamen.
- q. Tiltak i samband med oppgradering av Fv. 57 langs Dalsfjorden.

§ 6. (*Generelle dispensasjonsreglar*)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 7. (*Skjøtsel*)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, i samsvar med naturmangfaldlova § 47.

§ 8. (*Forvaltingsplan*)

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærmare retningsliner for forvalting og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. (*Forvaltingsstyresmakt*)


Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§10. (*rådgjevande utval*)


Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltinga av verneområdet.

§ 11. (*Iverksetjing*)

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.





Detaljkart for området ved Sveen:






Detaljkart for området ved Standnes:







Detaljkart for Bjørvika:





Detaljkart for Eidevik:





Detaljkart for Kvamen:

